Lærarutdanningslova frå 1973 fastsette at all lærarutdanning skulle ha eit omfang på minst tre år og byggja på fullført tre års vidaregåande opplæring eller tilsvarende grunnlag. Den gamle 4-årige utdanninga fall dermed bort. Ein førebels plan for treårig allmennlærarutdanning kom i 1976, og ein permanent plan i 1980. For å styrkja det faglege nivået kom det på 1980-talet krav om at lærarutdanninga for grunnskolen burde bli fire år. Syse regjeringa med Einar Stensnæs som statsråd la våren 1990 fram ei stortingsmelding om fireårig lærarutdanning. Då Harlem Brundtland med Gudmund Hernes som statsråd same året overtok regjeringsmakta, blei stortingsmeldinga trekt attende. I staden gjorde regjeringa framlegg om at lærarutdanninga for grunnskolen framleis skulle vera tre år, men at ein skulle ha eit systematisk opplegg for vidareutdanning etter nokre praksisår. I Stortinget fekk dette framlegget støtte av Høgre og Framstegspartiet, men ikkje av Arbeidarpartiet, Kristeleg folkeparti og Senterpartiet. Stortinget vedtok at utdanninga skulle bli fireårig frå 1992, og det blei laga planar for ei slik utdanning.

Det var ulike meiningar om innhaldet i den fireårige utdanninga, og korleis ho burde byggjast opp og organiserast. Planen frå 1992 blei justert i 1994, og det kom nye planar i 1998, 2003 og 2010. Etter mi meining var planen frå 2003, som blei utarbeidd av Bondevik II

regjeringa med Kristin Clemet som statsråd, den beste. Denne planen fekk likevel ikkje lang levetid. Regjeringa Stoltenberg med Bård Vegar Solhjell og Tora Aasland som statsrådar kom alt i 2010 med nye planar for grunnskolelærarutdanninga. Nå fekk vi eigne planar for lærarutdanning for første til sjuande klasse i grunnskolen (1 - 7), og for femte til tiande klasse (5 - 10).

Desse planane representerte eit grunnleggjande brot med norsk lærarutdanningstradisjon. Heilt sidan stiftseminara kom i 1827 hadde vi ved lærarskolane hatt ei utdanning som kvalifiserte for tilsetting i heile folkeskolen/grunnskolen. Frå 1976 hadde likevel studentane hatt høve til undervegs i studiet å innretta utdanninga si slik at ho kunne høva best til undervisning anten på barnesteget eller ungdomssteget. Ved at dette valet kunne gjerast undervegs, hadde studentane eit visst grunnlag både frå teori og praksis når dei skulle velja om dei ønskte å undervisa på barnesteget eller ungdomssteget.

Planane til regjeringa Stoltenberg føreset såleis at ein alt ved søknad om opptak må ta standpunkt til om ein vil bli lærar på barnesteget eller ungdomssteget. For mange søkjarar som ikkje veit så mykje om kva undervisning på barne- eller ungdomssteget inneber, kan dette vera eit vanskeleg val. Rekrutteringa til lærarutdanning for ungdomssteget (5 - 10) har vore betre enn for barnesteget (1 - 7) som har hatt heller svak rekruttering. Særleg på barnesteget trengst det gode lærarar fordi det er her grunnlaget for elevane si vidare utvikling blir lagt. Svak rekruttering til 1 - 7 gjer det også vanskeleg å få til satsinga på Tidleg innsats som alle parti i ulike samanhengar applauderer.

Det er eit paradoks at den ordninga regjeringa Stoltenberg fekk i stand, var Arbeidarpartiet sterkt imot på 1960- og -70-talet. Då var det mange innan Høgre som ville ha eiga lærarutdanning for barnesteget og ungdomssteget. I åra framover var dette eit sentralt dis-

kusjonstema, også på landsmøte, men altså ikkje gjennomført når Høgre hadde makta.

Lærarbehov og utdanningskapasitet

Den store mangelen på lærarar dei første tiåra etter krigen skuldast at det på 1930- og 1940-talet hadde blitt utdanna svært få lærarar. Med den felles folkeskolelova for by og land som kom i 1959, blei undervisningstimetalet i mange fag auka, og vi fekk nye fag, til dømes engelsk og heimkunnskap som obligatoriske fag. I samband med innføringa av obligatorisk niårig grunnskole auka dessutan behovet for lærarar kraftig. På 1950- og 1960-talet blei det derfor stor mangel på lærarar i heile landet – særleg i utkantstrok.

På byrjinga av 1980-talet blei lærarsituasjonen betre, og det kom prognosar og oppslag i media om at det ville bli «overproduksjon» av lærarar. Regjeringa Willoch med Lars Roar Langslet som statsråd gjekk derfor inn for å redusera kapasiteten ved lærarhøgskolane. Dette skulle ein nok ikkje ha gjort fordi mangelen på lærarar heldt fram og auka på slutten av 1980- og på 1990-talet. Utdanningskapasiteten blei igjen auka, men samtidig hadde tilgangen på søkjarar til lærarutdanning gått kraftig ned. Usikre prognosar om behovet for lærarar og mykje uro om lønns- og arbeidsvilkår for lærarane var nok ei medverkande årsak til dette.

Det årlege opptaket av studentar til allmenn- eller grunnskolelærarutdanning har i heile etterkrigstida vore på ca. 2000 pr. år. Somme år nokre fleire og andre år nokre færre. I dei siste åra har fleire lærarutdanningsinstitusjonar hatt vanskar med å fylla studieplassane. Samtidig seier prognosane at behovet for lærarar vil auka i åra framover. Dette har mellom anna samband med at mange lærarar går av med pensjon, auka timetal i enkelte fag og tiltak for at det skal bli færre elvar pr. lærar.

Tal frå Grunnskolens informasjonssystem viser at bruken av formelt ukvalifiserte lærarar auka med 13 % i 2016. I 2016 blei 4,4 % av all undervisning i grunnskolen utført av lærarar utan godkjent lærarutdanning (jf. Utdanning nr. 2, 2017). Det har vore medieoppslag om at i Nord Noreg manglar ein ca. 4000 lærarar med godkjent utdanning. Mangel på kvalifiserte lærarar er ein situasjon som i høg grad kan påverka kvaliteten i skolen i åra framover. Utviding av lærarutdanninga frå fire til fem år vil også føra til redusert utdanningskapasitet. Kanskje burde ein ha venta med å innføra femårig masterutdanning til ein så nokolunde hadde dekkja behovet for lærarar med kvalifisert utdanning i heile landet?

Rekruttering og opptakskrav

Då utdanningskapasiteten på 1990-talet auka samtidig som talet på søkjarar gjekk ned, fekk så og seia alle som hadde bestått allmennfagleg studieretning på vidaregåande skole plass på lærarstudiet ein eller annan stad i landet. Endå om dei fleste som blei opptekne, var motiverte for studiet og hadde gode faglege føresetnader, var det også nokre som hadde hatt lærarutdanning langt nede på prioriteringslista. Mange av desse var mindre motiverte for studiet, og mange strauk eller slutta undervegs. Dette påverka statusen til lærarstudiet. Mange meinte at krava til søkjarane burde skjerpast. Bondevik II regjeringa med Kristin Clemet som statsråd innførte derfor ei ordning med eit minstekrav til gjennomsnittskarakter frå allmennfagleg studieretning og minst tre i karakter i norsk og matematikk som grunnlag for opptak.

Dette var ei ordning som skjerpa dei faglege føresetnadene, men samtidig kunne ho stengja ute potensielt velkvalifiserte søkjarar som kunne blitt gode lærarar. Så vidt eg veit, er det ikkje forskning som dokumenterer at det er samband mellom karakterar frå vidaregåande

opplæring og lærardugleik. Det å vera ein god lærar krev som kjent også mange andre eigenskapar enn dei reint faglege. Det kan derfor vera eit spørsmål om det er fornuftig å knyta opptaket til karakterar i bestemte fag i vidaregåande opplæring. Andre ordningar bør prøvast ut. Pedagogstudentane har gjort framlegg om at karaktersnittet for alle fag i vidaregåande opplæring skal danne grunnlag for opptaket. Dette er eit konstruktivt forslag. Ei eller anna form for opptaksprøve kan også vera aktuell.

Dei fleste studentar er i stand til å tileigna seg nødvendig fagleg kunnskap gjennom lærarstudiet. Det er eit sjølvsaugt krav til alle lærarar at dei må ha gode kunnskaper i fag som dei skal undervisa i. Det må derfor stillast strenge krav til faglege og personlege føresetnader hos lærarstudentar både undervegs og ved slutten av studiet før dei får lærarvitnemål.

Frå og med opptaket 2016 er karakterkravet i matematikk heva til fire. Dette er etter mange si meining ei svært uheldig ordning som stengjer ute godt kvalifiserte søkjarar som gjerne har gode karakterar i alle andre fag. Ikkje alle som tek lærarutdanning, skal undervisa i faget matematikk. Det er vanskeleg å forstå at nettopp matematikk skal vera det avgjerande kriteriet for opptak til lærarutdanning. Det er lenge sidan formaldanningsteorien var aktuell i pedagogikken! Ordninga har mellom anna ført med seg at mange studieplassar har stått tomme ved lærarutdanningsinstitusjonar i studieåret 2016/2017. For dette studieåret kan situasjonen bli endå verre. I Dagbladet 23. august står det at ved studiestart er det ledige studieplassar ved grunnskolelærarutdanningane i både Halden, Volda, Bergen, Stord, Sogndal, Bodø, Levanger, Nesna og Alta. Når ein manglar lærarar og har motiverte søkjarar med gode karakterar utan i matematikk, synest det å vera lite klok politikk å ikkje nytta alle studieplassar fullt ut.

Utdanningskrav for lærarar i grunnskolen

Lærarutdanningslova frå 1973 opererer med lærarkategoriar på tre nivå – lærar, adjunkt og lektor. Kommunane hadde til oppgåve å lyse ut stillingar og tilsetja lærarar som hadde utdanningsnivå og fagkombinasjonar som det var bruk for ved skolane. I systemet var det ein stimulans for lærarar med grunnutdanning til å ta vidareutdanning til adjunkt- og lektor og såleis få betre kompetanse og høgare lønn.

I 2015 vedtok Stortinget med røystene frå Høgre, Frp, Venstre og Arbeidarpartiet nye reglar for kven som skal kunne undervisa i matematikk, engelsk, norsk, samisk og teiknspråk i grunnskolen. På barnesteget må ein lærar ha fullført eit studium i faget på minst 30 poeng og på ungdomssteget 60 poeng. Kommunane fekk ti år til å syta for at lærarar som skal undervisa i desse faga, har slik utdanning. Etter mi meining var dette eit uheldig vedtak. Det legg opp til ei altfor sterk styring av skolens kvardag. Det kan mellom anna gjera det vanskeleg å nytta dei samla faglege og pedagogiske kvalifikasjonane til lærarstaben på ein skole på den mest føremålstenelege måten. Mange lærarar kan til dømes ha tileigna seg god realkompetanse i desse faga gjennom undervisningserfaring og sjølvstudium. Vedtaket kan bli særleg vanskeleg å praktisera ved mindre skolar. Konsekvensen kan derfor bli blir meir sentralisering.

Departementet i samarbeid med kommunane har sett i gang eit omfattande utdanningsprogram for å gi lærarar tilbod om vidareutdanning slik at dei kan skaffa seg nødvendig formell utdanning. Dei økonomiske og arbeidsmessige vilkåra for lærarar som tek slik utdanning, er svært gode. For lærarane er dette eit populært tiltak som fører til ei fagleg og pedagogisk nivåheving i skolen. Statsråd Torbjørn Røe Isaksen skal ha ros for at han fekk dette til.

Femårig masterutdanning

Lærerutdanningslova frå 1973 la opp til at den treårige lærerutdanninga kunne byggjast på til adjunkt- og lektorutdanning. Mange godt fagleg kvalifiserte og motiverte lærarar har i åra framover teke hovudfag og seinare mastergrad som frivillig ordning. Frå 2017 er femårig mastegradutdanning obligatorisk for alle studentar som tek grunnskolelærerutdanning. Dette er ei ambisiøs reform som vil innebera store faglege utfordringar og ha mange ressursmessige og praktiske konsekvensar. Med eit årleg opptak på ca. 2000 studentar i åra framover kan det til dømes vera spørsmål om studentar har motivasjon og faglege kvalifikasjonar for å kunne ta utdanning på dette nivået. Det er også eit

spørsmål om lærerutdanningsinstitusjonane har kapasitet og faglege ressursar til å gi den nødvendige undervisning og rettleiing til så mange studentar på masternivå. Vi må rekna med at ei femårig masterutdanning vil påverka rekruttering og utdanningskapasitet. Den største utfordringa i åra framover vil bli rekruttering til læraryrket og å skaffa kvalifiserte lærarar – særleg til barnesteget. Det er derfor med spenning ein ser fram til korleis utviklinga i åra framover vil bli.

Litteratur:

Per Østerud Sigmund Sunnanå Åsulv Frøysnes: Norsk lærerutdanning i etterkrigstida. Ei utvikling i spenning mellom tradisjon og fornying. ABM-media a/s. 2015.

Rekruttering til lærarutdanning

AV SIGMUND SUNNANÅ

Innlegg i Stavanger Aftenblad 30. juni 2020.

Media melder om nedgang i søkjartalet til lærarutdanninga for grunnskulen. Spesielt er dette uheldig for barnesteget, 1 – 7. Det er på dette steget det mest trengst kompetente lærarar fordi grunnlaget for den faglege, sosiale og personlege utviklinga til elevane blir lagt her. Den svake rekrutteringa er alvorleg fordi vi nå manglar ca. 4000 utdanna lærarar på landsbasis – særleg i Nord Noreg. I samband med overgang til obligatorisk femårig masterutdanning blir det i 2021 ikkje utdanna lærarar ved dei ordinære lærarutdanningsinstitusjonane. Vi står kanskje overfor liknande lærarmangel som vi hadde på 1950- og 1960-talet? Kanskje bør ein også nå setja i verk ekstraordinære tiltak?

Master bør vera frivillig

Det er mange årsaker til den sviktande rekrutteringa. Kravet om minst fire i matematikk for å bli oppteken, kan vera ei årsak. Her synest eg Pedagogstudentane har eit fornuftig forslag om å erstatta dagens system med ei ordning der minstekravet er eit gjennomsnitt på minst fire frå vidaregåande opplæring. Utviding av den obligatoriske utdanninga frå fire år til femårig masterutdanning kan også vera ei årsak. Mange unge vegrar seg gjerne for å ta fatt på eit så langt studium med den status, lønns- og arbeidsvilkår som lærarane har i dag.

Etter mi meining bør obligatorisk fireårig grunnskulelærarutdanning vera nok. Å gå vidare og ta mastergrad bør vera ei frivillig ordning for studentane eller vidareutdanning for lærarar som er i jobb.

Barneskule fristar færre

I 2003 laga høyreregjeringa med Kristin Clement og Helge Ole Bergesen i Kunnskapsdepartementet nye planar for lærarutdanninga for grunnskulen. Dei førte vidare ein tradisjon frå 1970-talet om at studentane skulle byrja på ei utdanning med ein obligatorisk fagleg kjerne + pedagogisk teori og praksis. Undervegs i studiet kunne studentane velja fag på ulike nivå med tanke på undervisning på barnesteget eller ungdomsteget. Arbeidarpartiregjeringa braut ein tradisjon då den i 2010 laga nye planar som tok opp eit gammalt Høyre standpunkt om ei todelt lærarutdanning – ei for barnesteget (1- 7) og ei for ungdomsteget (5 – 10). For søkjarar som veit lite om kva undervisning på barnesteget eller ungdomsteget inneber, kan det vera vanskeleg å velja. Ei lærarutdanning med kompetanse berre for undervisning på barnesteget, ser ikkje ut til å appellera til mange nok potensielle søkjarar. I dei siste åra har derfor mange studieplassar ved fleire lærarutdanningsinstitusjonar stått tomme.

Auka krav til læraren

Rekruttering til lærarutdanning har også med situasjonen i grunnskulen å gjera. I dei siste tiåra har lærararbeidet blitt meir stressande mellom anna på grunn av auka kompetansekrav til lærarane, høge læringsmål for elevane, mange prøver og ulike former for dokumentasjon. Til hausten får vi nye planar for grunnskulen

som er laga i god kontakt med lærarorganisasjonane og andre aktuelle instansar. Eg har inntrykk av at lærarane ser positivt på å ta planane i bruk. Med utgangspunkt i desse planane bør regjeringa gjerne sjå på om det bør gjerast visse justeringar i lærarutdanninga, til dømes ei meir praksisretta utdanning.

DEL III

SKOLEHISTORISK PERSPEKTIV

Skulen i det gamle bygdesamfunnet – frå motvilje til godvilje

SKJOLD PRESTEGJELD OG VIKEDAL PRESTEGJELD

AV NILS OLAV ØSTREM

Innlegg på skulejubileum 25.5.1989 – Skjold bygдахus

På kyrkjebakken i Skjold år 1763

Me skal starta denne raske vandringa gjennom skulesoga i bygdene våre på kyrkjebakken her i Skjold. Etter preika ein sundag sommaren 1763 las som vanleg lensmannen for Vats skipreide, Lars Raunes, ulike kunnjingingar om skiftesamlingar, auksjonar o.l. Ein av dei ting han gjorde kjent var at dei bygdemenn som høyrde til “Bergenhuus Lehn” no måtte betala skuleskatten dei stod til rest med. Erik Dagsland gjorde seg til talsmann for naboane sine i Stordalen og langs Ålfjorden sjølv om garden hans ikkje låg under Fjære skipreide, Sunnhordland sorenskriveri og Søndre Bergenhus amt - Hordaland fylke.

Erik sa at lensmannen kunne koma nord til Stordalen for å røva og ta frå dei menn som han elles hadde gjort i Skjold. “Eller kandskee du har faaet saa mange penge, du vil have og du behøver?”, la han til. Lensmannen svara at hadde han gjort noko galt, kunne dei som hadde noko å klaga på saksøkja han og la han få fred denne dagen. Til det svara Erik Dagsland at han skulle følgja han “Trap for Trap” opp gjennom rettssystemet. Deretter stimla “den største deel af Almuen ... omkring Lænsmanden”. Han kom seg unna inn i kyrkja etter også å ha fått høyra av Torbjørn Kalvaland frå

Skåre skipreide og Kristoffer Romsaland frå Leiranger skipreide at han berre var ein “Laane-Lænsmand” for dei.

Kva fortel ho om denne smådramatiske hendinga frå kyrkjebakken i Skjold år 1763? Ho synest klart å vitna om at bygdefolket såg på skulevesenet som ei tung bør. Skuleskatten var alt anna enn populær mellom skjoldabuen på denne tid. Og det synest som det meir var føremålet med skatten enn sjølve skatten dei protesterte mot. Argumentet om at lensmannen som skulle krevja inn skatten ikkje var rette lensmannen for mange av bygdefolket, er eit reint påskot for skattenektinga. Men i og for seg er dette interessant nok. Skjold var heilt fram til 1841 delt på fire skipreider. Det er blitt sagt at bygda av denne grunn kan kallast ein samling utkantar. Skuleskatteprotestane frå 1760-åra viser at bygdesamkjensla neppe var så altfor sterk mellom folk frå dei ulike delane av Skjold.

Skulen på 1700-talet

Korleis var så skulen organisert på 1700-talet i dei fem bygdene me er interesserte i? Merkeleg nok, sett på bakgrunn av protestane frå skjoldabuen i 1760-åra, er det skjoldapresten Dominikus Nagell som har fått

største delen av æra for å ha lagt grunnlaget for skuleordninga i Ryfylke. Han leia saman med futen eit viktig møte på Jelsaneset elleve dagar før jul i 1741.

Dei sju mennene Nagell hadde med seg frå prestegjeldet sitt, var einige i at dei tre bygdene Skjold, Vats og Tysvær trong to lærarar - “tvende omgaaende skolemestre”. Den eine læraren skulle ta seg av Tysvær og søre delen av Skjold, den andre av Vats og Norda Skjold. Vikedal prestegjeld ville klara seg med ein lærar. Lærarane i Skjold prestegjeld skulle kvar ha 16 riksdalar i løn, læraren for Sandeid, Vikedal og Imsland 12 riksdalar, altså mindre. Endå vanskelegare enn i Vikedal prestegjeld blei det andre stader å akseptera løna lærarane i Skjold prestegjeld skulle ha. Nedstrand, Sauda og Hjelmeland kom ned i det halve, Jelsa i nesten berre fjerdeparten. Lærarløna blei likevel godtatt av Nagell og amtmannen for alle desse prestegjelda med unntak av for Hjelmeland og Jelsa. Men dersom høgare styresmakter likevel skulle godkjenna den låge lærarløna for desse to siste prestegjelda, reserverte både bygderepresentantane frå Vikedal og Skjold seg. Då ville også dei betala mindre i skuleskatt, først og fremst til lærarløner. Johan Veka har skrive at Nagell på Jelsamøtet sette opp ein “mønsterplan” for skulen i Skjold prestegjeld. Dei andre prestegjelda skulle ha Skjold som mal og føredøme. La oss sjå litt på kva den 12 punkt detaljerte planen inneheldt.

Kvart av dei to omgangsskuledistrikta i prestegjeldet skal delast opp i mindre område, såkalla roder. Borna innanfor desse områda skal undervisast ein månad om gongen. “Så snart måneden er ekspideret” skal læraren flytta vidare til det nærmaste bygdelaget. Skulen kunne Nagell gjerne tenkt seg hadde vart heilt året. Men det kunne ikkje la seg gjera sidan “landets tarv utfordrer ... et barns tjeneste en viss tid om året”, nemleg når bonden må “streve med sit vår- og høstarbeide”.

Vanskelege år for 1700-tals skulen

Dominkus Nagell hadde store tankar om skulen, og makta også å få bygdefolket med seg eit stykke på veg. Men planen hans kom til å møta vanskar. Viktigaste var det at 1740-åra var vanskelege år med sotteepidemiar og naudstider. Men det blir også klaga over motvilje mellom folket. Når så skulestellet gjekk meir eller mindre i stå i nabobygdene ved Karmsundet og på Karmøy, forsterka dette motarbeidinga av skulen også i bygdene her.

Klager over problem med å få skuleskatten inn er å høyra også i 1770-åra. Dette hadde ført til at lærarløna fall i Skjold prestegjeld. Dessutan var talet på lærarar auka frå to til tre no midt på 1700-tallet. Skjoldabygda hadde fått sin eigen lærar. Til saman mottok dei tre mindre i løn enn dei to skulle ha i alt etter Nagel sin heller storstilte plan frå Jelsamøtet. Og lærarløna heldt fram med å minka i Skjold prestegjeld.

Fleire lærarar

Men talet på lærarar auka. Då 1800-talet går inn er det blitt fire av dei i det store prestegjeldet. Tjue år seinare er talet dobla til åtte. Undervisningstida blir oppgitt til å vera frå mikjelsmess - 29. september - til påske. Om kunnskapen deira blir sagt at den er “kun maadelig”.

Skuleborna får derimot ros under ein visitas i 1820-åra. Det “gik ... ret vel”. Også dei konfirmerte ungdomane som laut stå fram på kyrkjegolv, “giorde god Rede for sig” i kristendomskunnskap og lesing, som var dei eigentlege skulefaga på 1700-talet og langt ut på 1800-talet. Skulen var ein kristendomsskule.

Kvart barn fekk to månaders undervisning pr. år i førstninga av 1800-talet. I 1830-åra gjekk det i alt 750 born på skule i Tysvær, Vats og Skjold. Berre tiandeparten lærde å skriva, og “saare faae forstaae at regne”. Den slette tilstanden for reknefaget kom av at “Lærerne selv kun forstaar lidet deraf”.

Så sjølv om elevane tilfredsstilte prosten og biskopen når dei overhøyrde dei i Pontoppidans forklaring, var ikkje alt like bra. Lærarløna var no komen ned på eit lågmål i prestegjeldet, og utgjorde berre halvparten av kva lærarane i naboprestegjeldet Vikedal fekk på dei tider. Skulekommisjonen/-styret fekk skulda for dette. Det blir hevda at skulekommisjonen er så gjenstridig at dersom det ikkje hadde vore for innsatsen prestane la ned for skulen, hadde “den opvoxende Slægt” blitt påført store “Ulykker”.

Når det trass i den skrale lærarløna, som både i Skjold og Vikedal låg under vanleg drengeløn, likevel lukkast å få lærarar, skuldast det at dei som tok på seg lærararbeid slapp militærtjeneste. I 1850-åra var plikttida sju år for dei presten hadde funne var gode lærarremne. I ein såkalla “Sessions-Resolution” heiter det at når dei sju åra var farne, var læraren “for al Tjeneste ved Linietropperne og Landværet aldeles fritagen”. Men forlot han lærartenesta før tida, “bliver han strax i de militaire Ruller igjen at indføre”.

Skjold kontra Vikedal

Rapportane om skulestellet i Skjold og Vats dei første 50/ 60 -åra av 1800-tala inneheld stadige klager om kor mange hindringar der blir lagt i vegen for “Oplysningen” der i prestegjeldet. Betre fortonar biletet seg for bygdene i Vikedal prestegjeld. I 1837 blir det sagt at skulevesenet var i så “god Forfatning” at nesten alle skuleborna fekk den lovpålagde skuletida. Seinare blir “Menighedens Oplysningsgrad” rosa for å ha “meget tiltaget”. Folket hadde sans for lesing, noko som også kom til uttrykk i at “et oprettet Almuebibliothek flittig brugtes af flere” - i alle høve i 1843. Fire år seinare heiter det derimot at biblioteket blir lite brukt. Men det er ikkje gløymt - det er planar om å kjøpa inn nye bøker. Tilskot var mottatt av Staten og gåve frå “Kommunalbestyrelsen”.

Skulen synest å ha blitt meir satsa på i Vikedal, Sandeid og Imsland enn i Skjold og Vats. Den sterkare oppslutnaden om skulen i Vikedal. I ei sak om korleis dei skulle makta å finansiera tre nye “Skoleholder”-stillingar i prestegjeldet, uttalar dei at dei ”skylder ... Sandheden at sige at i Naboprestegjeldet Skjold ... som i alle Heenseender ere Ligesaa formuende som Wigedals Prestegjeld” yter kvar gardbrukar 12 skilling i skuleskatt medan vikedals-, sandeids- og imslandsbøndene måtte ut med tre gonger så mykje, 36 skilling. Dette fann dei lite rettferdig, særleg når ein kom i hug at “Præstegjeldet ere fattigt i høyeste Grad”.

Framgang på 1800-talet

Likevel gjekk utviklinga sakte framover, også i Skjold prestegjeld, sjølv om lærarløna kom til å stå fast like fram til i 1850-åra. I 1840-åra kjem det også sterkt på tale å oppretta fastskule og reisa eitt skulehus i bygda. Etter lova skulle det vera eit slik ved hovudkyrkja. I 1846 blir det ved kongeleg resolusjon pålagt soknepresten å festa bort jordstykket Øydegardsteigen av prestegarden til skulejord. Før den tid hadde det vore diskusjon eitt år og to om kor ein skulle plassera skulen.

Opprettinga av fastskule skjer på om lag same tid i Skjold og Vikedal. Men i motsetnad til skjoldabuen som reiser eit nytt hus til skulelokale, løyser vikedalsbuen oppgåva på ein rimelegare måte. Dei leiger rom for skulen i huse til kyrkjesongaren, eit plass under prestegarden, i Vikedalsosen. Etter kort tid blir det derimot klaga over at fastskulen ligg på feil side av elva. Når det så i 1847 ikkje var bru over elva, hadde dette medverka til mykje skuleforesøming. Men om brumangelen heilt klart skapte vanskar, ville prosten “ingenlunde” godta dette som noka “undskyldende Aarsag” til skoftinga. Framgangen merkar ein også ved at omgangsskule-

distrikta blir fleire i begge prestegjelda. I 1840 var ein komen opp i 11 omgangsskuledistrikt i Skjold prestegjeld. Dette talet blei litt redusert når fastskulen kom i sving. I Vikedal var det etter fastskulen var oppretta seks omgangsskuledistrikt i tillegg til fastskuledistriktet.

Livet i skulestovene utviklar seg også smått om senn. I 1838 fastset skulekommisjonen i Vikedal at skuledagen skal ta til seg kl. 9. Frå 11 til 12 “afbrydes læsningen da alle Børn, paa de smaae nær, der da er fri, skrive. Eftermiddagen læses og anvendes til Forstandsøvelser”. Men framleis er lærarane for det meste utan utdanning for arbeidet sitt. Dessutan er dei unge. I 1843 var det ein 17-åring og ein 19-åring mellom lærarane i Skjold. Den eine fekk attest om at han “viste seg uøvet”. Den andre var “ej uden Ævner”. Med opprettinga av ein fastskule i kvart prestegjeld fekk bygdene sine første seminaristar. Om dei kunne det ikkje seiast at dei hadde liten forstand utanom det å læra born å lesa. Slik heiter det om ein av lærarveteranane i Vats i 1840-åra.

Når skulevesenet utover 1800-talet gjekk framover, skuldast det i stor grad aktiv nivåheving gjennom sentral lovgjeving. Både i 1816 og i 1827 kom det lovar som sette høgare krav til skulen. Men mykje av framgangen var også å takka dei lokale skulekommisjonane, sjølv om verksemda deira fekk ulik attest. Heilt frå 1741 hadde dette lokale styringsorganet eksistert i alle prestegjeld.

For Grunnlova kan ein seia skulelovane frå 1700-talet delvis var ein viktig føresetnad. Skuletilbodet på 1700-talet gav trass alt ein viss kunnskap som kunne gi vanlege bønder høve til å delta på Eidsvoll. Skulekommisjonane gav saman med det andre viktige bygdestyret før formannskapslovane, fattigkommisjonane, dessutan trening for bygdefolket i å løysa felles oppgåver.

På den andre sida var Grunnlova grunnlaget for vidare utvikling av skulestellet på 1800-talet. Med nasjonalt sjølvstende og lokalt sjølvstyre såg bygdefolket at kunnskap trongst for å kunna ta del i samfunnsstyringa. Skulle dei vinna politisk makt var opplysning og informasjon grunnleggjande viktig.

Det teoretiske sambandet mellom Grunnlova og skulestellet kom for Skjold sin del mest konkret til uttrykk i 1814 gjennom at to tidlegare skulehaldarar blei valde som bygda sine utsendingar til distriktsforsamlinga i Stavanger. Der fekk dei vera med på å velja Rogaland sine utsendingar til Eidsvoll.

1860-lova

Sjølv om det kan sporast ulike teikn på framgang for skulen i bygdene våre utover 1800-talet, er det likevel skulelova frå 1860 som får mest å seia. No kjem det krav om faste skulehus, faste skulekrinsar, nye offentlege lese- og lærebøker, fleire skulefag, lengre skuletid osv.

Lensmannen i Skjold og Vats kunne alt fem år etter lova kom, slå fast at ho hadde ført med seg at skulevesenet var “betydeligt forbedret”. Grunnane til framgangen fann han i at “her nu haves dueligere Skolelærere, og dels ... faste Skoleturer for nogle Skolekredse”. Men utviklinga til det betre, slik lensmann Mons Foss såg det, møtte motstand mellom bygdefolket. Han seier dei “løbe omkring fra Gaard til Gaard, ivrende paa forskjellig Maade” mot alt det nye på skulefronten. Me skal no ta føre oss to saker som viser korleis motstanden kom til uttrykk.

Den første saka er ei krinsereguleringssak frå Øvre Vats.

1860-lova kravde at skuleborna skulle samlast til skule krinsvis. Bygda skulle altså delast inn i klart avgrensa skulekrinsar. Lova la opp til at desse skulle

gjeraast så store at minst 30 born kunne søkja skule der. Dermed blei eit nytt krav eller normalprinsipp i lova verksamt, nemleg at undervisninga skulle haldast i fast skulelokale, anten ved at kommunen leigde seg inn i ei privat stove eller ved at det blei bygt eige skulehus.

Skulekommisjonen i Vats - bygda hadde no fått eige skulestyre - føretok krinsreguleringa. Berre ein av krinsane, Velde (Vedle) krins, fekk meir enn 30 born slik at fastskule måtte setjast ut i livet. Men etter eitt år fann dei seg ikkje heilt nøgde med reguleringa, og tok like godt og omregulerte krinsane. Viktigaste endringa - og truleg sjølv motivasjonen for å føreta henne - var at fastskulekrinsen skulle delast. Fastskulen i Velde krins skulle omgjeraast til omgangsskule i Eikjelands krins og Sjurseikje krins. På den måten unngjekk dei å byggja skulehus eller leiga eit dyrt fastlokale til skulen.

Overordna styresmakter kunne på ingen måte godta at ein gjekk tilbake til omgangsskule etter å ha hatt fastskule. Sokneprest Hans Andre Høgstad, også formann i skulekommisjonen, såg saka som ei stor prinsippsak. Fekk vatsfolket medhald ville heile skulelova og tankane bak henne, bli sett til sides. Dessutan ville "Underretningen herom fare som en Løbeild" gjennom nabobygdene og føra til at ein "vil gjøre Forsøg paa at faae afskaffet faste Skole overalt", trudde presten.

Soknepresten hadde svært sterke synspunkt på kva som låg bak krinsdelinga. Grunngevingar som lang veg og gjennomvåte elevar - "især paa Fødderne ... af Sne eller Sneevand" - såg han på som "kun Skingrunde". Den eigentlege grunnen var at "man har faaet den fixe ide, at fast Skole under ingen Omstændighed ... bør finde Sted". Til å byrja med hadde det ikkje vore noko misnøye med å ha fastskule. Men "pludselig blev der Uro i Leiren". Det heile trudde han var "fremkaldt ved En eller Flere" som dels av mangel på innsikt i "Skolens høie og vigtige Formaal", dels for å vinna popularitet

hadde gjort til ein fast regel for seg å motsetja seg alt "hvad deres Embedsmænd og Øvrighed ønske fremmet". Høgstad klaga seg over kor tungt det var å måtta fungera som formann i skulekommisjonen under slike forhold: "det er forbunden med uberegnlige Ærgrelser". Kommentaran hans til krinsreguleringssaka i Øvre Vats synest til dels å vera skrivne i slike ergelse.

Først ved slutten av 1865, etter fire års taudraging, godtok vatsbuen at lova ikkje opna for oppløysing av ein alt etablert skulekrins berre for å sleppa økonomiske utlegg til skulehusbygging. Då var saka på veg inn i rettssalen. Grundige undersøkingar og oppmålingar var gjort av vegforhold og avstandar. Mellom anna hadde biskopen gjeista bygda. Han kunne ikkje sjå at noko vesentleg hindra ein i å oppretthalda Velde krins, særleg dersom ein rekna Krakkr som såkalla "eenlig beliggende Gaard" utanom krinsen. Så kunne dei fire borna derifrå vekselvis søkja fastskulen i denne vatskrinsen, eller går over bygdegrensa til fastskulen i Austrheims krins. Biskopen meinte tydelegvis at ved litt tilpassing, som ikkje å leggja for stor breidd på om elevane kryssa ei bygdegrensene, kunne Velde fastskulekrins bli ein tenleg krins. Det biskopen ikkje visste var at bygdegrensa tidligare hadde blitt kryssa av skuleelevar. I 1760-åra veit me Austrheimsbygda hørde til omgangsskulen i Vats.

Med dette forlet me kringsordninga i Vats. Det skal berre nemnast at sjølv om skulekommisjonen hadde firt, heldt motstanden mot fastskulen seg oppe. Heilt til 1869 varte omgangsskulen i dei to krinsane Eikjeland og Sjurseikje. Først då var det ein oppsitjar som endeleg ville leiga ut stova si til skulelokale. Fram til den tid hadde bygdefolket effektivt hindra realisering av fastskuletanken ved å nekta leiga bort hus eller selja grunn til skulebygg. Ekspropriasjon gav ikkje skulelova høve til.

Ei anna sak frå Skjold og Vats fortel også om handlingar til skulen, nemleg innføring av ei ny lesebok, Jensens lesebok. Vatsbuen sette seg sterkast mot å få denne boka i skulen. I Skjold blei det først gjort vedtak om å ta boka i bruk. Ei heil stund etterpå slo motstanden ut gjennom ein stor underskriftsaksjon. Heile 232 underskrifter gjort at skulestyrevedtaket blei omgjort. Kompromisset blei at lærarane i dei to bygdene munnleg skulle føredra dei viktigaste lesestykkane.

Likevel ser det ut til at boka nærmast blei boikotta i skulen både i Skjold og Vats. Mange meinte at innhaldet i Jensens lesebok var “skadeligt for børnene”. Ein del av det ville koma til å “bortlede barnehjertets Opmærksomhed fra noget bedre”. Berre i ein eller nokre få krinsar i Skjold blei ho tatt i bruk. I staden blei det der i bygda tatt i bruk ei anna lesebok. Derimot heiter det i 1886 at i Vats hadde ein “endnu ikke ... en eneste læsebog i skolen”. Aviskorrespondenten til avisa “Haugesunderen” argumenterte det året for at dette burde endrast på:

Enhver haandværksmand, der vil gaa frem i sit fag, sørger for at skaffe sig de bedste arbejdsredskaber. Saaledes gaar man ogsaa paa de allerfleste steder i vort land frem, naar det angaar undervisning i læsning; thi jo bedre arbejdsredskaber, des bedre arbeide.

Frå motvilje til godvilje

Eg har ønskt å få fram litt om kva haldning som rådde i det gamle bygde- eller bondesamfunnet til skulen. I dette samfunnet var borna små arbeidande vesen med oppgåver i arbeidslivet på gardane alt frå 6-8 årsalderen. Skulle dei bli gangs menneske, var det mykje praktisk å læra i gardsarbeidet. Noko meir enn å tilføra borna så pass “Christelig Oplysning” at dei kunne sleppa fram for presten og bli konfirmert i skjepeleg” alder, burde ikkje skulen streva med. Skjoldapresten for 100 år

sidan seier bygdefolket ofte stilte dei “mest urimelege Anmodninger” til han for å få borna sine konfirmerte. På den tid var skulen med sine stadig aukande økonomiske utteljingar for mange fortsatt “en Torn i Øiet”.

Men likevel hadde det skjedd ein merkbar og gledelig framgang for skulestellet. Både i Skjold og Vats var all omgangsskule opphøyrd, opplyser presten i 1886. I Skjold var det bygt ikkje mindre enn sju skulehus og løyvt pengar til det åttande. “Trægere har det ... gaaet i Vats” der berre eitt skulehus var reist til den tid. I begge bygdene var skuleforsømingane, som tidligare hadde vore store, minka mykje av. Også til lesebokstoffet spora presten “en friere og sundere Anskuelse”.

Etter kvart fekk skulen meir og meir innpass hjå folk. Slik var utviklinga i alle bygder. Den gamle motviljen, som til tider hadde slått ut i direkte motstand, skifta til godvilje og oppslutnad om skulen og det den formidla. Som eit døme på korleis dette kunne koma til uttrykk, skal me trekkja fram ein juletreffest på den dåverande Skjold skule fjerde juledag 1894. Festen gjekk føre seg på skulehuset på Klokkargarden, og var ikkje noko vanleg juletreffest sidan det også var avskjedsfest for gamlelæraren Jakob Smedsvik, bygda sin første seminarist. På mange vis var han sjølv personifiseringa av alt det nye som hadde velta inn over skulestellet i bygda det siste halve hundreåret. Mellom anna hadde han stått på presten si side mot bygdefolket som forkjempar for Jensens lesebok.

Både elevar og foreldre hadde vore med og pynta til festen. Skulehuset var blitt festlig smykket med garn fra skogholtet paa Asbjørnshaug og med grønne krans. Vægge og talerstol var klædte i grønt. Over talerstolen stod paa hvid bund og i grøn ramme “J.S.” med grønne bogstaver og ovenover dette i store bogstaver: “Tak for trofast virke”. Paa en af sidevæggerne stod i en lignende ramme: “Som dine dage er, skal din styrke være”.

Festen var delt i to, først for borna og deretter for foreldra og eldre elevar. Fleire hadde ordet etter “beværtning med kaffe og brød”. Ordføraren var førstemann på talarrekkja, og overrekte Smedsvik eit veggur som takk for arbeidet i krinsen gjennom 45 år. Lensmannen talte også, like eins gamleordføraren. Han hadde sjølv hatt Smedsvik som lærar, og sa at “mange af de sandheder

han som barn hørte paa skolebænken mindedes han nu saa godt”. Han visste “at baade han og andre i den tid var viltre nok og ikke agtede paa undervisningen som de burde, ofte gjorde denne tung for læraren.” For det bad han om “tilgivelse”, på same tid som han uttalte “sin erkjendtlighed for alt hans virke”.

ETNE
VINDAFJORD
BYEN

GRANNAR

LOKALAVIS



**Etne
Sandeid**

Vindafjord feirar grunnskulen

Vindafjord kommune vil torsdag 25. mai markere jubileet grunnskulen 250 år på Skjold Bygdahus.

Jubileet vil bli markert med ei utstilling med utdrag frå alle utstillingane i samband med jubileet rundt om på skulane. Video med innslag frå desse markeringane og med skulesoge vil og bli vist.

På kvelden blir det festprogram der ordførar Gunnar Vierdal opnar festen. Det blir songar og salmer frå eldre og nyare tid ved Vikedal skulekor. Skuledirektøren i Rogaland, Sigmund Sunnanå vil formidle glimt frå skulen i fortid og tankar om skulen i notid. Så vil

Vats songlag vil syngje, og sokneprest Tryggve Sandvik ta for seg «Skulen av kyrkje-rot». Skjold Storband skal sørge for meir musikk, og rekor ved Skjold skule, Per Molland vil ha «Indberetning om kretsskoleholderne i Skjold og Vats pretegjeid».

Til slutt vil Nils Olav Østrem ta for seg skulen i det gamle bondesamfunnet.



Tilbake til bjørkeris og utedo. Geir Vidar Tveit, Sigbjørn Langhelle og Tor Reidar Lærdal ved Vats skule.

Lesebokstriden i 1860–1870-åra

– med særleg omtale av striden i Rennesøy prestegjeld

AV SIGMUND SUNNANÅ

Det meste av innhaldet i denne artikkelen her henta frå boka: *Utviklingsdrag i norsk landsskule 1739 til 1889 slik desse syner seg i Rennesøy prestegjeld.*

Innleiing

I 1860 fekk vi ei epokegjerande lov for landsskulen i Noreg. Lova la grunnlaget for overgangen frå omgangsskule til faste skular. Vi fekk ei ny finansieringsordning der staten skulle gje tilskot til bygging av skulehus og drift av skulestellet i kommunane, og det skulle vera ein skuledirektør i kvart stift (bispedømme) som skulle føra tilsyn og gje rettleiing. Målsetjinga for skulen vart endra frå å vera ein rein kristendomsskule til også å omfatta verdslege fag. Denne endringa i mål og innhald førte til ein av dei hardaste pedagogiske stridane vi har hatt i vårt land. Striden kom særleg til syne i spørsmålet om innføring av P.A. Jensens lesebok.

Litt om 1860-lova og P.A. Jensens lesebok

I 1860-lova var det blant ”Undervisningsgjenstandene” ført opp ”Udvalgte Stykker af Læsebogen, fornemmelig saadanne der angaar Jordbeskrivelse, Naturkundskab og Historie”. Det var dette punktet som gav allmugeskulen eit vidare innhald, og som braut med tidlegare tradisjonar. Skulen hadde nok også tidlegare gjeve opplæring i andre fag enn kristendoms-kunnskap, såleis i rekning og skriving, men det hadde vorte lagt lite vekt på desse faga. Kristendoms-kunnskap var det

sentrale faget, og konfirmasjonen var målet. Nå skulle skulen også gje opplæring for livet og læra borna å orientera seg i nåtid og samfunn. Allmugen skulle få opplysning til å verta medvitne borgarar i eit demokratisk samfunn. Det var desse tankane dei to mest sentrale skulemennene på den tida, Hartvig Nissen og Ole Vig, hadde arbeidd for.

Stortinget hadde i 1859 løyvt pengar til å gje ut ei lesebok med stykke frå geografi, naturkunnskap og historie. Stiftprost P.A. Jensen fekk til oppgåve å få dette leseverket i stand. P.A. Jensen var påverka av grundtvigianismen og opplysningstankane i tida. Dette kom i høg grad til å setja sitt merke på leseboka. Han braut radikalt med det gamle tradisjonsbundne synet at borna berre skulle lesa religiøs litteratur. Det hadde vore vanleg meining at borna skulle læra å lesa for å kunna lesa religiøse skrifter. Både Nissen og Vig hadde tidlegare halde fram kor uheldig det var å bruka katekisme, nytestamente og liknande til øvingsstoff i lesing. Dette hadde vore til like stor skade for leseopplæringa som for kristendomsopplæringa, hevda Nissen. Og Vig meinte at borna ved dette ikkje lærde seg ordforråd som kunne høva til lesing av aviser og andre skrifter.

Forutan at leseboka braut med den tidlegare tradisjonen at det religiøse lesestoffet skulle vera einerådande, gav P.A. Jensen boka ei anna pedagogisk oppbygging. I første bind tok han såleis inn lette stykke som kunne vekke interessa hos born, t.d. eventyr, segner o.l. Likevel var ikkje boka lettlesen. Mykje stoff ville ein i dag finna lite høveleg for born og for vanskeleg for dei. Dette kom av at boka også var tenkt til lesebok for vaksne. Sjølve namnet "Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet" bar bod om dette. I denne tittelen låg det eit program som var særmerkt for Grundtvigianismen. Boka skulle vera med og binda saman heim og skule. Heimane skulle bli interesserte i skulen, og læraren skulle vera folkelærar. Boka hadde såleis eit siktepunkt ut over skulen.

Boka kom i handelen i 1863. Utgjevinga var ei offentleg sak, og folk visste om at boka skulle koma. Forlaget fekk mange førespurnader og mange tingingar før ho var prenta. Då boka vart sendt ut frå forlaget, vart ho heller godt motteken. Mange sende forlaget rosande omtale av henne. Men der var også dei som mislika boka. Somme prestar melde frå om kyrkjelydar som ikkje ville ha boka. Det tok ei stund før motstanden for alvor vakna. I mellomtida hadde svært mange skulekommisjonar kjøpt boka til skulane. I Rennesøy vart det tinga 10 eksemplar i 1864. Men alt året etter var striden i gong.

Ulike meiningar om boka i Rennesøy

Skulekommisjonen i Rennesøy fekk skriv» undertegnet av flere" med krav om at «denne bog fjernes fra Skolen". Vart ikkje det gjort, ville foreldra halda borna borte frå skulen. Med 7 mot 4 røyster vedtok skulekommisjonen at boka ikkje skulle brukast. Røystetalet gjev eit inntrykk av korleis meiningane stod mellom folket i bygda. På den eine sida hadde ein berarane

av den haugiansk-/ pietistiske tradisjonen som såg på verda som noko mindreverdig, ein "Jammerdal" som det galdt å stengja ute og verna seg mot. Skulen skulle vera ein kristendomsskule. "Verdslege" fag ville føra til avkristning. Difor reiste dei seg til motstand mot den verdslege ånda som skulelova ved leseboka ville tvinga inn i skulen med makt.

På den andre sida hadde ein i Rennesøy medlemmene i Rennesøy og Mosterøy landboforening med David Edland som leiar. Desse folka hadde orientert seg om aktuelle spørsmål i tida. Dei heldt Søren Jåbæk sitt blad "Folketidende", kjøpte bøker og diskuterte politiske spørsmål. Dei såg det som ei viktig oppgåve å få innført Jensens lesebok i kommunen. Dei fekk folk i skulekommisjonen til å målbera kravet på nytt. Saka om innføring av leseboka vart reist att i 1866. Men resultatet vart også denne gongen negativt. "Skulekommisjonens Pluralitet ærklærer sig ubetinget mod Indførelse og brug af Jensens Læsebog i det den ønsker at de endnu faaer bruge Læsebøgerne Grøgaard og Knudsen, hvilke fremdeles benyttes". Det kom nå til å gå ti år før det kom nytt framlegg om å få innført Jensens lesebok. Dei som arbeidde for boka, skjøna nok at motstanden i bygda førebels var for sterk. Det var også i åra kring 1870 at striden var kvassast overalt i landet. Kanskje har dei difor ville venta for å sjå utfallet andre stader før dei tok saka opp på nytt.

Leseboka skapte strid mange stader i landet

I 1860-70-åra kom spørsmålet om innføring av P.A. Jensens lesebok til å skapa strid over heile landet. Bygd etter bygd nekta å ta ei så "verdsleg" bok i bruk. Særleg var det eventyra og stykka frå den nyare litteraturen som skapte motstand. Dette var «lettsindige» stykke som «i staden for at lede de Små paa Gudfrygtighets Vei, meget mere maatte lede dem bort derfra». Borna

kunne også verta freista til å le i skulen. Dette ville vera ”uanstændig”. Mange meinte at boka ikkje var i samsvar med den kristne vedkjenninga og den Augsburgske konfesjonen. Difor ville boka vera skadeleg for born og føra til fritenkjeri og såleis øydeleggja ”kristendommens kjerne”. Endå om dette var ein religiøs strid, så var det ikkje presteskapet som stod fremst i striden. Mange prestar var mot leseboka, men det var også svært mange som ville ta henne i bruk. Dette var tilfelle i Rennesøy. Formannen i skulekommisjonen, presten Lange (1861-70) og Thygesen (1876-83) gjekk båe inn for at boka skulle brukast i skulen. Striden var i stor mon reist av det kristne lekfolket.

På same måten som prestane hadde ulike meiningar om boka, hadde også lærarane ulikt syn. Mange av lærarane hadde heller ikkje kunnskap og utdanning til å bruka henne. Spørsmålet om leseboka vart drøfta på mange lærarmøte. I 1865 drøfta Skolelærerforeningen for Jæderens Provsti og Stavanger by, lesebokspørsmålet på årsmøtet i Sandnes. Ordsiftet var avgrensa til det reint prinsipielle – om boka var i samsvar med kristendommen eller ikkje. Meinigane stod mot einannan, men ved avrøystinga var det berre 3 av dei 60 lærarane som røysta mot boka av religiøse grunnar.

Problem med dei nye faga

Noko som var med og kvesste striden, var at det ikkje fanst noko anna lesebok med det faglege innhaldet lova kravde. Mange skulekommisjonar kjende det difor som eit press at dersom dei ikkje tok boka i bruk, så braut dei skulelova. Det å bryta ei lov var for mange eit samvitsspørsmål endå om dei ikkje alltid hadde vore så nøye med å fylgja alt som stod i skulelovene.

Opplæring i orienteringsfaga skapte også vanskar for skulekommisjonen i Rennesøy. Etter at vedtaket om at Jensens lesebok ikkje skulle brukast, vart det bok-

ført at sidan «de gamle Læsebøgerne ere udslidte, henvender man sig til Stiftsdireksjonen med Forespørgsel om hvad som er at foretage». Skulekommisjonen stod nok i eit dilemma her. Å kjøpa inn lesebøker som ikkje var godkjende, var kommisjonen lite interessert i. Medlemmene i skulekommisjonen var også klære over at dei sette seg utover lova. Dei har vel difor vona at stiftsdireksjonen skulle koma med framlegg om ei anna bok. Men noko tilråding om dette frå stiftsdireksjonen har ein ikkje funne i arkivet. Heller ikkje er det løyvt pengar til innkjøp av Grøgaards eller Knudsens lesebøker. Ein kan difor rekna med at skulekommisjonen har late foreldra sjølve kjøpa lesebøker som var å få, og at fattigborn har måtta greia seg med dei gamle utslitne bøkene.

Talet på kommunar som tok leseboka i bruk, auka etter kvart. Styresmaktene pressa på for å få innført leseboka så lova kunne bli gjennomført. Skulekommisjonane freista løysa spørsmålet på ulike måtar. I somme bygder fekk dei mulkt dei som gjekk til skulestreik. Andre stader vart det valt revisjonsnemnder som skulle sjå gjennom leseboka og klistra svart papir over dei lesestykkane dei mislikte. I Egersund vart det skipa ein ”antileseboksskule” som kom til å vera i gong i fleire år, endå om skulen på mange vis ikkje heldt mål. I Høyland hadde dei teke leseboka i bruk, men på grunn av motstanden måtte skulekommisjonen gjera vedtak om at ”de indkjøbte Bøger bliver at indrages og malificeres”. I Jarlsberg melde mange seg ut or statskyrkja på grunn av ”verdsleggjeringa” av skulen. Det vart her skipa eige kyrkjesamfunn med eigen skule.

For å dempa striden tok styremaktene opp arbeidet med å revidera leseboka. Alt i 1865 vart boka revidert av P.A. Jensen i samråd med Nissen. I føreordet til dette opplaget gjekk P.A. Jensen i mot den kritikken som var reist. Han meinte at striden bygde på vankunne

og fordom, og at prestane og lærarane måtte gjera sitt beste for å få boka innført. Det ville vera det beste midlet til å ”bibringe Almuen en sundere og rigtigere Betragtning”. Likevel tok han ut ”Dyre Vaa” av Welhaven og nokre av dei andre stykka som hadde vekt mest forarging. Og i tredje utgåva (1868) var også andre av dei ”verste” stykka borte. Mellom dei ”Børneeventyret” av Jørgen Moe som P.A. Jensen meinte burde ha opna auga på dei ”Aandssvage”. I det heile vart lese-boka mykje moderert i dei nye utgåvene. Dette, saman med press frå styremaktene om å ta boka i bruk, førde litt etter kvart til at ho vart bruka i fleire og fleire skular, noko som dei store opplagstala viser. Striden om lese-boka stilna av omkring i landet i slutten av 1870-åra.

Ny debatt om innføring av boka i Rennesøy

Framgangen leseboka hadde hatt rundt i landet, gjorde nok sitt til at dei som ville ha boka innført i Rennesøy, prøvde seg på nytt. I 1876 sende Rennesøy og Mosterøy Landboforening ei føreteljing til skulekommisjonen om å ta i bruk Jensens lesebok. Saka kom føre i skulekommisjonen 6/6-1876. Her vart det referert at Landboforeningen hadde «uttalt sig enstemmig for Indførelse af den siste Udgave af Jensens Læsebog». Landboforeningen meinte nok at den siste utgåva var så moderat at ho burde kunne tolast av motparten. I same møte låg føre skriv frå kyrkjesongar Sælland. Han ”udtaler Ønskeligheden af Jensens Læsebogs Indførelse”. Sælland tok såleis eit klårt standpunkt i striden. Ein har ikkje inntrykk av at han var nokon ivrig opplysningsvenn eller grundtvigianar. Truleg har han gått i inn for boka av pedagogiske omsyn og for å få gjennomført skulelova. Skulekommisjonen såg nok på fråsegn hans som eit verdfullt dokument i saka. Han var lærarane sin representant i skulekommisjonen, og kommisjonen rekna nok han for ein autoritet når det

galdt pedagogiske spørsmål. Han hadde lenge vore den einaste læraren med seminarutdanning i kommunen.

I dette møtet vart det vedteke at ”den efter offentlig Foranstaltning af Jensen Udgivne Læsebog antages som Læsebog for Almueskolen i Rennesøy Skolekommune”. Vedtaket var samrøystes, men motstanden melde seg snart på ny. Det var særleg frå Mosterøy motstanden kom. På dei andre øyane ser det ut til at folk godtok vedtaket.

I møte (17/7-1877) låg føre protest frå 39 ”opsidere” på Hodnefjell, Kåda og Haugvaldstad mot lese-boka. Klaga vart sendt til stiftsdireksjonen til fråsegn. I svaret kravde stiftsdireksjonen å få grunngeving og nærare utgreiing av det dei hadde å klaga på. Samstundes bad stiftsdireksjonen skulekommisjonen om å halda fast på tidlegare vedtak. Formannen i skulekommisjonen kalla inn foreldra i Kådakrinsen til eit møte der dei skulle grunngeva klaga. I nytt møte i skulekommisjonen vart grunnane lagt fram. Hovudinnhaldet var: Jensens lesebok ”indeholdt Fabler, hvilke ansees som stridende mod Guds Ord og ledet til Ungdommens Fordærvelse, at en letsindig Ånd vilde befordres ved brug af same og at Apostlenes Ord i 2 Tim. 4,4 taler mod dens Benyttelse. Istedenfor Jensens Læsebog ønskedes Læsebog for den Kristelige Skole og Hjem for den private Borgerskolen i Christiania”. Foreldra hadde såleis ei bok å setja i staden for Jensens. I så måte skil striden seg her ut frå andre stader der dei ikkje hadde framlegg om noko anna bok. Læsebog for den Kristelige Skole og Hjem hadde kome ut i 1866, og ho hadde teke med stoff frå geografi, naturkunnskap og historie, slik som lova kravde. Denne boka har nok vorte nytta i staden for Jensens lesebok ymse stader. Men ho var turr og keisam, så i lengda kunne ho ikkje stå seg i konkurransen med Jensens lesebok.

På same møtet i skulekommisjonen vart det lese

skriv frå dei som ville ha Jensens lesebok i Kådakrinsen. I dette vart det lagt fram ynskje om ”at beholde Jensens Læsebog i Skolen og Misnøie med den nye foreslådde Læsebog”.

Det vart ikkje gjort noko vedtak i skulekommisjonen. Heile saka vart send til stiftsdireksjonen. I februar året etter var saka framme på ny. Skulekommisjonen skreiv då til stiftsdireksjonen at dei som var mot den nye leseboka, var eit lite fleirtal. Om lag like mange ville ha boka. Skulekommisjonen rådde difor til at Kådakrinsen fekk ha den leseboka dei ynskte dersom stiftsdireksjonen kunne godkjenna ei slik ordning. ”Skaden er større ved Striden end ved Fordelen ved Jensens Læsebog”. Det går elles fram av møteboka at striden hadde spreidd seg til Askekrinsen også. Det var kome protest frå ”52 Opsiddere i Aske Kreds mot Jensens Læsebog”. Her ville dei også ha Læsebog for den Kristelige Skole og Hjem. Skulekommisjonen gjorde ikkje noko vedtak, men bad stiftsdireksjonen ta avgjerd.

Saka kom attende frå prosten med påteikning om at skulekommisjonen måtte gjera eit vedtak før prosten sende saka vidare til stiftsdireksjonen. Saka kom så opp i nytt møte (22/2-1878). Det vart då først referert skriv frå ”Opsiddere” på Sokn om å få ha Jensens lesebok. Dette viste at Ikkje alle i Aksekrinsen var mot boka. Skulekommisjonen gjorde nå vedtak, mot ei røyst, at ”da det antages at Opposisjonen mod den indførte lesebog hviler på altfor uklare Bevegrunde til at der kan tages Hensyn til, kan Skolekommisjonen ikke indgaa nogen Ombytning av samme”.

Stiftsdireksjonen stadfesta dette vedtaket, men rådde til at «man ved Læsebogens Benyttelse i Skolen Aldeles forbigaar de Stykker som haver vakt Anstød og væsentlig holder sig til de Afsnidt som indeholde de i Loven omhandlede Læregjenstande». Stiftsdireksjonen prøvde såleis å logne striden ved eit slags kompromiss.

Dette var sikkert klokt og noko begge partar kunne vera best tente med.

På Mosterøy var det på garden Hodnefjell dei tok opp striden mot den nye leseboka. Frå denne garden har så motstanden spreidd seg til Askekrinsen. Derimot samla dei seg ikkje til nokon serleg motstand på Rennesøy og Kvistøy. Rett nok var det ein mann på Rennesøy som sende protest mot boka, men han ser ut til å ha stått aleine. Boka vart teken i bruk på fastskulen etter vedtaket i 1876. Truleg har læraren der, Sælland, fått folket med seg. På Kvitsøy ser det ikkje ut til å ha vore nokon motstand i det heile. Folk var frå gammalt av meir frilynde der.

Det var på Mosterøy at striden var hardast. Motsetnaden i livssyn var størst her. Folk på Hodnefjell var kjent for å ha eit heller sterkt pietistisk livssyn. Men på grannegarden Voll budde den mest radikale mannen på øyane i den tida, David Edland. Det var han som hadde skipa Landboforeningen og vore formann der i alle år. Han hadde også vore ein føregangsmann innan jordbruk, samferdsel, skule med meir, kom med i heradstyret, vart ordførar og kom til å gjera seg mykje gjeldande i kommunepolitikken. Det var difor naturleg at desse motsetningane gjorde striden særleg kvass på Mosterøy. Mange foreldre nekta å senda borna sine på skulen medan striden var som hardast. Uviljen mot skulen gav også andre utslag. Såleis var det fleire foreldre på Kåda og Hodnefjell som nekta å vaska i skulehuset.

Striden dovna etter kvart av. Året etter, 1879, i møte 20/2, låg det føre fråsegn frå foreldra på Hodnefjell om at dei atter ville la borna gå på skulen, men at ”de dog ønskede at de Stykker af Læsebogen som hadde vakt mest Anstød, maatte overspringes under Læsningen i Medhold af Stiftsdirektionens Skrivelse i den Anledning”. Dermed var hardaste skulestriden i Rennesøy i tidbolken framover til 1900-talet over.

Strid om opplæringsmål og katekisme- forklaring

Kring århundreskiftet vann nynorsken fram, og det vart mange stader strid om opplæringsmålet i skulen. Pontoppidans forklaring hadde heilt frå 1739 vore den mest brukte forklaringa til Luthers katekisme. På slutten av 1800-talet vart det etter kvart stor motstand mot å bruka denne boka. Mange stader var det heftige debattar om ein skulle skita ut Pontoppidans forklaring med andre forklaringar, til dømes Sverdrups. Usemja som galdt desse spørsmåla, vart ikkje så stor som spørsmålet om P.A. Jensens lesebok.

Ser ein lesebokstriden i samanheng landet over, kan ein undrast over kva grunnen var til at denne boka skapte slik røre. Skrondal kalla lova og leseboka eit tidarvende i vårt folks kulturelle liv. Dette tidarvende kunne ikkje gå føre seg utan strid. Med lova av 1860 og leseboka kom nye ideal inn i skulen. Medan oppsedinga før hadde prøvt å få borna til å "fornekta verda", skulle nå borna lærast opp til å leva livet på ein meir naturleg måte. Livet skulle levast i staden for å fornektast. Borna skulle lærast opp til å greia seg i livet og gleda seg over det. Dei skulle bli dugande og medvitne samfunnsborgarar som kunne nytta den demokratiske fridomen som Grunnlova gav. Det var denne "verdsleggjeringa" opposisjonen mot leseboka freista å hindra. Og opposisjonen var grunna på ein lang tradisjon. Skulen hadde gått ut frå kyrkja, og pietismen hadde forma målet og innhaldet i skulen. Dette hadde sett sitt merke på opplæringa. Mange hadde i 1860-70-åra vanskeleg for å skjønna at skulen også burde ha eit verdsleg dannelsingsinnhald.

Siste halvdel av 1800-talet – ei stor omformingstid for det norske samfunnet

Striden mot leseboka fløkte seg saman med andre strids-

spørsmål i samtida. Grundtvigianismen vart av mange sett på som ein fare for heile det religiøse livet i Noreg. Grundtvigianarane gjekk til åtak på Pontoppidans forklaring. Dette gjorde dei nok ut frå både religiøse- og pedagogiske omsyn. Ikkje minst deira syn på forklaringa kvesste striden. Mange såg grundtvigianismen, striden mot Pontoppidan og innføringa av leseboka som samverkande faktorar. Dette hadde dei på mange måtar rett i. Ei anna sak var at dei overvurderte faren ved innføringa av den nye leseboka. Landet vart ikkje avkristna slik mange meinte om denne boka vart teken i bruk. Elles var heile samfunnsutviklinga nå komen så langt at kravet om eit nytt åndsinnhald i skulen ikkje var til å stogga.

Det nye i handel og næringsliv, i politikk, i vitskap og ved dei nye kommunikasjonsmidla og liknande kravde alt saman eit vidare dannelsingsgrunnlag i skulen. Mindre "verdsleg" opplæring enn lova av 1860 gav påbod om, kunne det ikkje vera i skulen dersom folket skulle kunne fylgje utviklinga i andre land. Dette galdt både kulturelt og materielt. "Leseboki førte eit friskt vér frå den store verdi inn i omgangsskulen og dei tusen heimar der denne skulen fann husrom. Innhaldet stødde alt som kunne kallast eit naturleg manneliv", skriv Anders Skrondal i boka: Grundtvig og Noreg.. Skulen kunne nå saman med "Selskabet til Folkeopplysningens fremme" driva verkeleg folkeopplysning. Denne opplysningsverksemda var turvande for å gjera folket i stand til å nytta den demokratiske styreforma det hadde fått i 1814, og som var ført vidare ved formannskapslovene av 1837. Difor såg dei som stridde for gjennomføringa av den nye skulelova, striden mot leseboka som ein kamp mot samfunnsutviklinga. Og difor laut også striden førast til ende.

Kva vart så resultatet av striden? Det viste seg at trass i motstanden, så vart boka teken i bruk i aukande

omfang. Dei store opplaga som vart sende ut frå Cap-pelens forlag i 1860-70-åra viser dette. Både boka og striden var med på å kalla fram gøynde krefter i folke-livet. Radikale tankar tok etter kvart til å vinna fram på mange område i samfunnslivet. Og det nye innhaldet i skulen vart etter kvart godteke i stadig vidare krinsar. Lesebokstriden var kanskje også med og auka trongen etter kunnskap i det breie lag av folket. Eit vitnemål om dette var at kveldsskulane vann fram nett i 1870-80-åra. I Rennesøy kom kveldsskulane til å få svært stor tilslutning i 1880-åra. Truleg har leseboka og striden om den vore med og skapt denne trongen. Det er såleis eit visst samsvar mellom søknaden til kveldsskulane og striden om leseboka. Der striden mot leseboka hadde vore hardast, ser det ut til at søknaden til kveldsskulen vart størst, kva nå enn grunnen kunne vera.

Den nye leseboka var ei stor pedagogisk vinning for den norske skulen. Ikkje minst kom leseboka og lova til å bli ein vekkjar for lærarane. Interesse deira for skule- og oppsedingsspørsmål auka mykje i åra etter 1860. Det var som om lova hadde skapt «en intens interesse

hos lærerstanden for å dyktiggjøre seg best mulig og løfte skolearbeidet opp på et høyere plan enn det var før», skriv Einar Boyesen i boka: Kampen om en lese-bok. Denne interessa er også referata frå lærarmøta eit vitnemål om. Desse vitnar om stor iver for pedagogiske og kulturelle spørsmål i åra framover.

I det heile førte lova og leseboka med seg ei avgje-rande endring i den norske allmugeskulen. ”Landets skolestuer hadde slått vinduene opp mot naturen og folkelivet, mot diktning og fortids historie, mot nyt-tig kunnskap og nutids samfunn. Og for folkeskolens morsmålsundervisning var det skapt en tradisjon som skulle bli rikere enn i de fleste av andre land”, skriv Einar Boyesen.

P.A. Jensens nyskaping av leseboktradisjonen i Noreg vart ført vidare av Nordahl Rolfsen og Torbjørn Egner. Stoffet i lesebøkene vert lagt opp for å høva for born. Leseboka skal appellera til tanke- og kjensleliv på same tid som ho skal gje nyttig kunnskap. Få bøker har vel hatt så stor innverknad på skulen i Noreg i si tid som Jensens lesebok.

Eit lokallag er borte – litt lærarlagshistorie frå Rennesøy

AV SØLVI ONA GJUL

Rennesøy vart slått saman med Stavanger frå 01.01.2020, og Utdanningsforbundet sitt lokallag på Rennesøy vart derfor nedlagt. Dette vart markert med ei samling på Utstein kloster i mai 2019. Eg var leiar nokre år på åttitalet og vart derfor beden om å fortelje litt om lokallaget si historie på denne samlinga. Eg såg gjennom gamle protokollar, og særleg den handskrivne frå 1893-1978 baud på mykje interessant. No er eg oppmoda om å skrive litt om dette til www.skolehistorie.no, og her tar eg med nokre tematiserte punkt. (Alt i kursiv er sitat frå protokollane.)

Eit historisk sveip

Den eldste protokollen opnar slik: *I 1893 dannedes Rennesøy prestegjelds lærerforening paa Bru skolehus.* Dette skjedde altså berre eitt år etter at Norges Lærerlag vart stifta. Dei første åra vart møta haldne skiftesvis på Rennesøy, Mosterøy, Kvitsøy og i Stavanger. Prestegjeldet, som tidlegare heitte Hausken, omfatta sokna Hausken, Sørbø, Askø, Utstein kloster og Kvitsøy. I 1899 vart Askø og Utstein kloster slått saman til Mosterøy sokn, og i 1918 vart Hanasand overført frå Talgje. I kommunereformsamanheng tar eg også med at Mosterøy vart skild ut som eigen kommune i 1884, og Kvitsøy var med i Mosterøy kommune til Kvitsøy vart eigen kommune i 1923. Mosterøy og Rennesøy vart slått saman igjen i 1965 ved reforma som følgde opp Schei-komiteen.

Det vart nøye ført kven som var til stades i møta, t.d. står det for møtet 06.05.1907: *Brekke og frk. Larsen møtte ikkje. Brekke var sjuk og frk. Larsen hadde sorg.* Det var gjerne eit foredrag først, så var det andakt og mat. Frå eit møte på 1920-talet: *So samlast me heime hjå Selvåg til eit godt middagsbord.* Og eitt på 1960-talet: *Etter foredraget baud vertinna på middag, og den materielle føda heldt same høge kvalitet som den åndelege.* På åttitalet vart det overgang til fast-food: *Deretter vart det servert herleg pizza.*

Det var altså stadig var andakt på møta – nokre vil kanskje stusse på det. Då må det minnast om at kyrkja hadde makt i skulen. Den første skulelova kom som eit religionsforankra tiltak 1739 – det skulle sikrast at folk kunne lese og skrive for å bli konfirmerte. Kyrkjemakta vart litt avgrensa med folkeskulelovene i 1889, men først i 1959, med felles lov for by- og landsfolkeskulen, måtte presten ut av skulestyret. Det er likevel spesielt at presten var med på møta i lærarlaget heilt opp til nyare tid, kanskje kan det forklarast med at mange formenn (det heitte det gjennom alle åra dokumenterte i den eldste protokollen..) i Rennesøy lærarlag også var kyrkjesongarar?

Viktige historiske hendingar er også synlege i den eldste protokollen.

1905: 10. november var det møte på skulehuset, tillyst som foreldremøte. Presten hadde foredrag

om heim og skule, men bygdefolket ville ikkje fram med sine meiningar. Etterpå var det lærarmøte i prestegarden, der republikken vart det mest brennande emnet.

Første verdskrigen: Berre nemnt i møte 26. januar 1918: *Litt snakk om skulen og skipingi i desse knappe tider.*

Andre verdskrigen: Frå møte 24. aug 1940: *Me vart særst godt stelte i matvegen, trass rasjoneringa. Den viktigaste saka i dette møtet: Vetrhus og Heskestad demonstrerte ljusbildeapparatet dei hadde ved skulen i Vikevåg. Det fekk lovord! Så var det ikkje møte att før 12. mai 1945: Dette var det første møtet etter frigjevingi, og det rådde ei god stemning, me slapp reddast meir for terroren åt Gestapo og N.S. Hovudsak i møtet var foredrag om Madagaskar – land og folk!*

Men i desember 1945 må det rapporterast til Noregs lærarlag om skuletilhøva under krigen. Det er protokollert to rapportar, ein for Rennesøy og ein for Mosterøy, her tar eg med den korte rapporten skriven av lærar Vetrhus: *På oppmoding skal eg med dette melda om skuletilhøva i Rennesøy og vanskar for lærarane i okkupasjonstida: Skulen i Rennesøy fekk godt som arbeida i ro under okkupasjonstida. Tyskarane tok nok skulehuset i Heggland krins og var der om lag eit år, men lærarane gav rom til kvar sine klassar i lærarbustaden, så det vart ikkje merkande stogg i skulearbeidet. Dei andre skulane fekk vera heilt i fred for okkupasjonsmakta. Våren 1942 var det som flest alle stader, stogg i skulen for skuld lærarstriden. Lærarane i Rennesøy slapp ogso lett frå denne ugreida. Det høvde so heppe då arrestordren kom at lensmannen ikkje var heime, og arresteringa vart soleis utdrygd til bodet kom at det ikkje var rom til fleire i fengsla. Alle lærarane her*

fekk sidan arbeida bra i fred trass i at både ordførar og skulestyreformann (same person) var fullblods nazist. (Eg måtte leite litt for å finne ut kven denne ordføraren var. Ordførarane i Mosterøy og Rennesøy heldt fram då krigen braut ut, men i 1941 kom det pålegg om nyordning frå Quisling-regjeringa. Då var det uråd å finne ordførar lokalt, og det vart dermed naudsynt med import: Hermetikkfabrikkeigar Johan Østbø frå Hundvåg vart utnemnt til ordførar i begge kommunane.)

Det pedagogiske sporet

Dei første åra var det stort fokus på lærararbeidet og på pedagogikk. Det går fram av protokollen at det vart gjennomført praktisk prøve i dei første møta - eg vil tru at dette var presentasjon av gode undervisningsopplegg:

19.03.1897: Møtet begynte med praktisk prøve af hr Skaare i religion (det 8.de bud)

30. juni 1897: Herr Sværen hadde praktisk i religion, og Aarrestad praktisk i botanik.

11.10.1897: Det afholdes ikke praktisk prøve.

29.06.1898: Paa møtet hadde hr Skaare praktisk prøve i bibelhistorie og hr Aarrestad i Regning.

Elles var mange pedagogiske spørsmål oppe til diskusjon, t.d. opplæring for elevar med særlege behov:

05.11.1923: Diskusjon om stryking av elevar som ikkje greidde prøva ved eksamen. Alle var temmeleg einige om at det var lite lønande både for lærar og elev å ha nokon attsitjande.

16.09.1952: Lærarmøte på Alstor. Logoped A. Jørgensen tala om lesevanskar hjå born. Det var ei forvitneleg og lærerik utgreiing han heldt.

04.05.1962: Etterpå var emnet Dei flinke elevane. .. Alle var samde om at den skuleskipnaden me no hev, tek svært lite omsyn til dei flinke elevane.

Temaet skulestart var viktig (og er det framleis, jf. NOU 2019:3 frå Stoltenberg-utvalet):

08.12.1953: Møte Stavanger. Skulepsykolog Aasta Vegum heldt ei forvitneleg utgreiing om det skulemogne barnet. Både talen og ordsiftet like etter streka under kor viktig det er at barnet tek til på skulen i rett tid. Levealder må ikkje åleine fastsetja når barnet skal taka til på skulen. -- Ein vart samrædde om å be skulestyra i dei to kommunane ta seg av prøving av born i førskulealderen. Det måtte kunne løysast slik at dei foreldra som ville, kunne få reisa til byen med borna til ein psykolog som kunne gje råd og rettleiing.

01.02.1967: Foredrag ved skulepsykolog Haave om skuleplikt og skulestart (langt referat m.a. med omtale av kva det inneber å vere skulemoden.)

Skulemiljø var på dagsorden i eit av dei første møta, sjølv om omgrepet var eit anna då:

30.03.1898: Dernest holdt hr. Langeland foredrag om disiplin i skolen: Videre paaviste han hvorledes en god lærer fik god orden i sin skole, nemlig ved bestemt fremtreden paret med kjærlighet til eleverne og forståelse af hvad der bør kræves med rimelighed av eleverne.

Også innhald og fag i skulen vart drøfta:

10.11.1925: Søknad til skulestyra om songbøker, med tilvising til Normalplanen og krav om at borni skal læra å nytta røyst og øyra – syngja dei mest kjende songane og salmane rett, reint, vakkert.

27.05.1932: Foredrag om emnet Hjelp til sjølvstendig tenking.

23.06.1933: Likeeins vart det vedteke å venda seg til Fagbiblioteket (Cappelens forlag) med oppmoding um at fleire av bøkene må koma på nynorsk. Dette tiltaket må koma landsskulane til gode.

15.09.1950: Spørsmålet om å ta opp som emne i

folke- og framhaldsskulen økslingslæra åt menneske vart drøfta. Ein fann samrøystes å tilrå skulestyret å søkja om utsetjing (dispensasjon).

11.02.1955: Skadberg kåserte om barnebøker og kva krav ein bør stilla til dei: Dei måtte fengsla barnehugen, ha eit godt språk og ein måtte kunna krevja reinsemd av dei både etisk og erotisk.

18.10.1960: Lang diskusjon om erfaringar med det nye faget engelsk – uro for at arbeidet med engelsk ville gå ut over andre fag. Det er og eit spursmål om interessa vil halde seg når nyfikna gjev seg.

Fagforeningsemne

Viktige emne vart diskuterte frå starten av. Det vart tidleg gitt uttrykk for liten tillit til lokale styresmakter: I møte 29.12.1897 var medlemmene kritiske til at *heradsstyret hadde avgjerdsmynde i tilsetjingssaker der skulestyret og overtilsynet ikkje var samde* – ved slike høve burde departementet avgjere. Elles var uro for generelle rammevilkår på saklista, her er nokre dømme:

04.06.1924: Framtidi for lærarane såg ikkje lys ut no – med di all sparing i storting, fylke og herad fyrst vil gå ut over løner og tilskot. Men den som går til skulestova med arbeidshug og hjartelag vil likevel alltid vera lukkeleg.

15.04.1966: Det vart gjort framlegg om å senda eit nytt skriv til kommunestyret med oppmoding om at det også i vår kommune vert ytt økonomisk stønad til kontorhjelp på skulekontoret.

28.04.1976: Det vart vedteke å senda skriv til Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Forbrukar- og administrasjonsdepartementet om ressursituasjonen i grunnskulen og barnehagane.

Arbeidstid og leseplikt vart sjølvsaft drøfta:

20.09.1920: Det vart vedteke å søkja skulestyri i

Rennesøy og Mosterøy um aa faa 3 dar aarleg av skuletidi til aa høyra paa andre lærarar si undervisning.

14.02.1962: Diskusjon om krav knytte til nedsett lesetid til 30 t/v på barnesteget og 24 t/v på ungdomssteget. -- Når det gjeld lesetidi, hevda alle som hadde ordet, at skulearbeidet no er så krevjande og tek so mykje tid utanom sjølve skuletimane at det vert altfor mykje med 36 skuletimar i veka.

15.09.1969: Formannen gav så ei orientering om 5-dagars veke i skulen. ... Etter orienteringa gjekk diskusjonen livleg som vanleg, men som ventande kunne vera var meiningane delte.

05.05.1977: Det blei og mykje diskusjon om leseplikta, men ein kom ikkje fram til noko anna enn at ein fekk venta og sjå.

Lønn var ofte på dagsorden:

16.11.1898: Sak frå kretsstyret til diskusjon - oppretting av vikarkasse. Svar: Lærerne har selv bekostet utgifter til vikar, i et enkelt tilfælde har kommunen støttet litt til.

02.03.1901: Henstilling til d.a. odelsting i anledning kong. forslag om folkeskolelæreres pensjoneering innsendt til fellesstyret for Norges lærerforening, undertegnet af alle foreningens medlemmer.

12.06.1909: Til stortingsmann Schanche vart send ei oppmoding um at stydja lærararnes lønskrav, naar saki kom fyre i tinget.

29.10.1948: Kyrkjesongar V. Sunnanå gav sidan utgreiing om det nye lønsregulativet for folkeskulelærarane.

11.11.1971: Tarifforhandlinger. Medlemmene ønsket at følgende punkt skal nevnes i et skriv fra formannen til fylkeslaget: Vikar skal ha lønn etter ansiennitet, ikke grunnlønn.

03.12.1975: Orientering om tilsynssaken. Skolesty-

rets tilbud om kr 20 pr tur og 2 års prøvetid ble god tatt. (Tilsynssaka nemnt mange gonger gjennom fleire år, gjaldt tilsyn med elevane til og frå svømming.)

10.11.1977: Rundskriv om kontingent, som blir 600 kr for lærarar i full post, 300 kr for halv post og mindre og 80 kr for lærarar som ikkje er i arbeid.

Dette kan trekkjast frå på sjølvmeldinga frå 1/1-78.

Krafta til Noregs Lærarlag som organisasjon var også emne gjennom fleire tiår. Villkåra for tillitsvalde var annleis enn no, i referat frå møte 04.06.1924 står det at V. Sunnanå vart vald som utsending på landslærar-møtet i Kristiansand i juli – på eigen kostnad. Eg kan også huske at Ola Pladsen representerte Rennesøy på landsmøte i Bodø på syttitalet – han låg i telt! Eit par døme til:

31.05.1951: Framlegget frå landsstyret om skiping av ei sikringskasse for N.L. vart og handsama, men fekk i det heile liten eller ingen studnad.

21.05.1954: Det vart les eit skriv frå styret i N.L. som bed medlemmene om å vera med på å reisa eit fond til særlege tiltak. Lærar Sunnanå meinte det var all grunn til å stø dette tiltaket og syna at ein kan stå saman. Det vil gje organisasjonen styrkje og respekt. Stortingsvedtaket og forhandlingane føreåt 10. mars d.å. synte at styresmaktene ikkje ottast nokon lærarstreik då lærarane ikkje hadde noko fond å stø seg til og det dessutan var mykje splitting innan lærarstandet. ... Lærar Madland tala imot - det var berre å hjelpa bylærarane, meinte han. ... – Det vart semje om at kvar av lærarane som ville, kunne betala innskotet til fondkassen kr 25 i 5 månader, i alt kr 125.

Men mot slutten av syttitalet kom kampviljen fram, og på årsmøtet 28.03.1979 vart følgjande vedtatt: *Medlemmene i Rennesøy lærarlag seier seg villige til å*

stilla seg solidarisk bak dei kampmetodar som leiinga av organisasjonen kan koma til å finna naudsynte.

Til slutt må det nemnast at alle referat frå 05.02.1904 til 25.02.1975 i den eldste og handskrivne protokollen er på nynorsk, etter dette er det «lett blanding» mellom nynorsk og bokmål. I den neste protokollen er referata maskinskrivne, kopierte og limte inn, siste møterefaratet er datert 15.10.2009. Ved overgang til ein digital kvardag er referata borte, truleg lagra på private pc-ar

eller minnepinnar. Eg har levert alle dei protokollane eg fekk i hende til Arkivenes Hus i Stavanger. Eg vonar Utdanningsforbundet i Stavanger har fått på plass gode rutinar for protokollering!

Endeleg må eg ta med eit punkt frå møtet 18. november 1896, det første møtet som er protokollført i Rennesøy prestegjelds lærerforening. *Som første sak behandledes: Skal foreningen nedlægges eller fortsættes?* I 1896 vart vedtaket å *fortsætte* – i 2019 vart *foreningen* nedlagd.

Bruddstykker av skolemøtets historie gjennom 70 år

AV TOR YTRE-ARNE, tidligere styremedlem i Skolemøtet for Rogaland.

28.nov. 1950 arrangerte Rogaland Lærerlag i samarbeid med Rogaland Fylkesskolestyre et skolemøte i Stavanger. Til møtet var og ordførere og skolestyreformenn i fylket invitert. Skoledirektøren Karl Fjermeros talte om «Utvida skuletid i landsfolkeskulen. Pliktig framhaldsskule» og formann i Noregs Lærarlag Kåre Norum talte om «Ungdommens startgrunnlag». Det hadde møtt fram om lag 300 deltakere og noen av de siste som kom, lærere fra forskjellige skoler i Stavanger, måtte gå uten å få plass. Spesielt Norum sitt foredrag fikk svært brei omtale i Stavanger Aftenblad (29.11)

Året etter arrangerte de samme samarbeidspartnere et nytt skolemøte og en hadde sikret seg et av de største møtelokala i byen, Filmteateret, og trass i et forrykende uvær som hindret folk nord for Boknafjorden å ta ut, var møtesalen nær fullsatt da formann Vilhelm Sunnanå ønsket velkommen. Et stort jentekor fra Nylund skole med lærer M.L. Borrevik som dirigent, sang vakert til åpningen.

Utover i 50-åra blir det holdt årlige skolemøter på høsten i regi av Rogaland Lærerlag og med Fylkesskolestyret som medspiller. Møtene ble holdt på lørdag, vekselvis i Bondeungdoms- lagets møtesal og Verdensteateret i Stavanger. Foredragene var aktuelle pedagogiske og samfunnsmessige spørsmål av betydning for skoleutviklinga, og dagen ble avsluttet med fest i Bondeungdomslagets festsal.

I 1955 var også Rogaland Lærerinnelag og Stavanger Lærerlag medarrangører og det 6. møtet samlet også mye folk fra hele fylket. Blant foredragene var skoleinspektør og seinere skoledirektør Lars Beite:» Kva kan gjerast for vanskelege elevar i skulen?».

I disse åra var det Rogaland Lærerlag som fungerte som sekretariat for skolemøtenemnda og la alt til rette, bestilte møtelokale og sørget for programmet. Møtene samla alltid mye folk, og en fikk personer i tale som en ellers ikke hadde så lett for å møte. I historieboka for Rogaland Lærerlag står det: «Det er derfor grunn for å tru at det ein oppnådde, i alle høve på noko sikt, var bra lønn for strevet.»

Skolemøtet 1.nov.1958 samlet hele 400 deltakere i Verdensteateret. Tre foredrag: «Om fagtrengselen i skolen, om stamming og om lesevansker hos barn.»

Det 10.skolemøtet 31.okt.1959 hadde bl.a. som tema: Den linjdelte ungdomsskolen i praksis, og på festen holdt forfatteren Alfred Hauge festtale.

I 1961 ble arrangementet flyttet til Atlantic Hall «noko som vel viser at krava til komfort er stigande, sjølv om det skulle kosta noko meir» som det står i historieboka.

I 1962 gikk møtet over 2 dager i slutten av oktober. Utstilling av lærermidler var også kommet med. På søndagen var det høymesse i Domkirken, mens selve skolemøtet åpnet kl.16 i Atlantic Hall med bl.a. hilsen

fra ordføreren i Stavanger. Mandagen var det fire seksjonsforedrag og utstilling. Emnene vitnet om en skole i utvikling, og at nye synsmåter på undervisning i ulike fag holdt på å slå igjennom. Om lag 500 var til stede.

Møtet året etter var også stort opplagt etter samme lest. Søndagskvelden var det teaterframsyning i Rogaland Teater: Hedda Gabler. Utpå dagen mandag var det omvisning i det nye kommunebiblioteket i Stavanger (dagens rådhus).

Også de neste åra var det stort arrangement over 2 dager i Atlantic Hall. I 1965 var skolemøtet utvidet til 3 dager. Lørdag til mandag, også dette året i Atlantic Hall. Til dette møtet ble det, akkurat som året før, solgt programhefte til kr.5,- og det gjaldt som billett til alle foredragene. Ellers var utstillingene åpne alle dager fra kl.08.30 til kl.12.30.

Skolemøtet for Rogaland 1968 ble holdt på Solborg folkehøgskole 20-21.okt.med bl.a. foredrag av lederen for forsøksrådet Lars Aase. I historieboka blir det nevnt at «det ser ut som om Skulemøtet ikkje lenger spelar så stor rolle i organisasjonssamanheng som det ein gong gjorde».

I forbindelse med Skolemøtet i 1971 og 1972 har det vært arrangert kurs for Rogaland hvor en del førskolelærere har deltatt. Skolemøtene ble i 70-åra hvert år holdt på Solborg, og arrangementene ble båret fram av et fritt valgt styre bestående av aktive og engasjerte skolefolk, som nødvendigvis ikke var tillitsvalgte i lærerorganisasjonen. Derimot var de levende interessert i skoleutvikling, og Skolemøtet inneholdt både kurs og foredrag foruten den faste læremiddelutstillinga. Flere i styret hadde sin bakgrunn i Stavangerskolen, men styret ble også rekruttert fra flere kommuner. En av styrelederne i denne tida var Inge Dagsland, den gang lærer på Kannik ungdomsskole..

Utover på 80-tallet ble også kursdelen en viktig

del av skolemøtedagene i samarbeid med både skoledirektør, kommuner og etterutdanningsavdelingen ved Stavanger lærerhøgskole, og arrangementsted ble da også etter hvert lærerskolen. Det ble avsatt tid gjennom planleggingsdager/interkommunale kursdager i kommunene til å kunne delta på skolemøtet som endret seg fra å bli avholdt fredag/lørdag til torsdag/fredag i siste del av oktober hvert år.

I forbindelse med innføring av ny mønsterplan M85/M87 ble læremiddelutstillingen viktig, og Skoledirektøren anbefalte kommunene om å godkjenne besøk på utstillingen som god og viktig bruk av planleggingstid. Nesten alle kommunene deltok på en slik felles interkommunal planleggingsdag som ble lagt parallelt med Skolemøtet. Det ble også laget en egen kursdag i nordfylket.

Styret for Skolemøtet hadde ansvar for en del spesialforedrag og læremiddelutstillingen, mens de andre partnerne sørget for et bredt kurstilbud der 3-timers kurs var det vanlige. Kurser for førskolelærere ble også i høyeste grad aktuelt. Utstillingen vokste i omfang og det meste av lærerskolens arealer ble tatt i bruk for å få plass til alle læremiddelprodusenter, forlag og organisasjoner av ulikt slag, opptil 50 i tallet. Og det var gratis entre, som det står i programmet. Her sakser vi også tema for møtet: «Det e`kje greit å vera lærar i dag» og «Skolen i dine hender».

Blant styrelederne i denne tida finner vi kjente skolefolk som John Rullestad, Karin Noer, Anne Berit Skeie og Sissel Østrem. Blant utstillingslederne finner vi bl.a. Jan Gunnar Rugland, Sverre Meling, Stig Thomassen og Kjersti Schibevaag.

Denne arrangementsmodellen holdt seg utover i 90-åra, og det 11 persons store styret samarbeidet med Lærerskolen om Skolemøtet som stevnested lokalisert på Ullandhaug. Skoleledere som Aksel Røsand, Anne

Grete Kvalbein, Knut M. Siegesmund, Kjersti Schibevaag og John Rullestad tok stafettpinne som lærerstevnets ledere.

Da planleggingsdagene midt på 90-tallet ble koplet til høstferien, både for elevene og lærerne, fikk styret en stor utfordring med frammøtet som sank betydelig. Selv om foredragene var høyst aktuelle i tida, og utstillinga var aktuell for 90-tallets skolereformer, hjalp det ikke. Lærebokforlagene «truet» med å la være å stille opp til neste arrangement. Noe måtte gjøres.

Løsningen ble i samarbeid med Utdanningsdirektøren v/ Sigmund Sunnanå og kommunene å skape en ny planleggings- og kursdag i det felles forslaget til Skolerte Tredje fredagen i november ble forslått som elevfri dag og kalt «Skolemøtet for Rogaland».

Det første arrangementet etter ny modell ble avholdt på Randaberg vid. skole 1997 med stor lærermiddelutstilling og en rekke kurstilbud. Oppslutningen steg igjen.

I 1998 ble arrangementet for første gang flyttet til Stavanger Forum, og denne gangen bestod Skolemøtet bare av kurstilbud. Det tas en mindre kursavgift for å finansiere arrangementet. John Rullestad er på ny leder.

Oppmuntret av bedre besøkstall utvikler det daværende styret Skolemøtet i 1999 og 2000 til et stort arrangement som fyller store deler av kurs- og møtelokalene i Stavanger Forum og den ene Tennishallen rommer over 50 utstillere og stor kafe`. På lista over kursholdere finner vi mange interessante navn som bl.a. Ragnhild Grødahl og Guttorm Fløystad. På tross av beskjeden kursavgift, dyr leie og nær ingen offentlig støtte, bærer arrangementet seg økonomisk, og styret forbereder seg for å bli værende med Skolemøtet i Stavanger Forum.

Men først ble det i forbindelse med Skolemøtets 50-års jubileum holdt en stor festkveld i Stavanger

Hall på Clarion Hotell torsdagen før lærerstevnet. Et par hundre lærere deltok i en vellykket feiring. Utdanningsdirektør Sunnanå hilste jubilanten, Kolbjørn Hauge holdt festtale og Han Innante underholdt. Og så var det dans utover kvelden.

I 2002 utvides Stavanger Forum med IMI-sal og nytt hotell og det skapes flere store fellesarealer. Det ga muligheten for å utvikle Skolemøtet ytterligere, og styret, nå ledet av Kari Bø, skapte det konsept for »lærerstevnet» som også dagens Skolemøte bygger på. De nye arealene ga mulighet til en allsidig kursmeny med 20-25 kurs i de neste årene, og både nordiske og lokale kursholdere bidro. Mange kunne vært nevnt, men på kursoversiktene utover 2000-tallet kunne en finne navn som Lena Bostrøm, Steen Larsen, Susanne Aabrandt, Jesper Juul, Torleif Lundquist, Terje Ogden og Inge Eidsvåg samt viktige bidragsytere fra fakultetene ved Universitetet i Stavanger. I august 2003 samlet Howard Gardner 550 deltakere i et eget tilleggsarrangement som styret tok initiativ til.

Nye og utvidede lokaler ga også mulighet til en stor og mangfoldig lærermiddelutstilling med 30-35 utstillere i fellesarealene, og utstillerne selv, blant annet de store skolebokforlagene, er fornøyd med bedre plass, og de kommer igjen hvert år.

I 2006 blir det inngått en egen samarbeidsavtale med Jåttå videregående skole slik at elevbedriften ved skolen kan selge mat/drikke til kursdeltakerne. Samarbeidet har vist seg å være svært vellykket med fornøyde kursdeltakere, og modellen eksisterer også i dag.

Styrets ønske om å forbedre påmeldingsrutinene fører til at det blir etablert egne web-sider for elektronisk påmelding. Dette gjør det mye enklere å administrere påmelding og fakturering av deltakeravgift. Web-sidene blir oppdatert og utvidet i 2009 av NyWeb, og de blir et nødvendig verktøy for hele styret.

Besøkstallet veksler i dette tiåret mellom 800 til 1400 deltakere fra de fleste kommuner i Sør-Rogaland samt Ryfylke, og både skoler og barnehager benytter den felles planleggingsdagen i november på Skolemøtet. Det skaper økonomisk handlingsrom for styret på 11, som utover på 2000-tallet er stabilt med få utskiftninger og som er sammensatt med stor erfaring og bredde.

60-årsmarkeringen for Skolemøtet i 2010 gjøres enkel, med spesielle jubileumsbannere i lokalene i Stavanger Forum og utdeling av handlenett til alle deltakerne. Deltakertallet er rekordhøyt med 1994 påmeldte. Det nyvalgte styret i 2011 med Lars Astrup som ny leder, kan med dette planlegge de kommende skolemøte-arrangement i tro på at en har funnet en driftsform som skaper respons og har nytte for barnehager og skoler i hele Rogaland.

Slik innledes det neste tiåret med en rekke store og vellykkede arrangement i regi av Skolemøtet for Rogaland. Kurskatalogene fra 2011-2019 forteller om en rikholdig kursmeny med 35-40 kurs hvert år. En del av kursene blir gjort til halvdagskurs, slik at deltakere kan velge flere kurs og også få med seg læremiddelutstillingen. Antall kurspåmeldinger ligger derfor over 2500 i disse årene, med et snitt på ca. 2000 betalende kursdeltakere, noe styret er svært fornøyd med. Blant kursholderne finnes navn som Per Fuggeli, Thomas Nordahl, Anreas Wahl, Einar Øverenget, Håvard Tjora og Lene Heckmann. Bidragsyterne fra Universitetet i Stavanger er også nå populære kursholdere som får mange påmeldinger og kommer igjen flere år.

Med så mange deltakere ble det nødvendig å leie flere kurslokaler utenom Forum, og i de seinere årene er både Lassa og Tjensvoll skoler, Sørmarka Arena, Hanssons Minde og Rogaland Kunstmuseum brukt som lokaler. I tillegg ble det i 2010/2011 inngått en samarbeidsavtale med Norsk Kulturskoleråd Rogaland

om kurstilbud rettet mot kulturskolene. Samarbeidet har vært fruktbart og noen av kursene er blitt holdt i kulturskolens lokaler i Bjergsted.

I alle år har læremiddelutstillingen vært en viktig del av Skolemøtet. Alt tilgjengelig areal, ca. 500 m², har blitt solgt til opptil 36 utstillere hvert år. Her er alt fra de store forlagene til små ideelle organisasjoner som tilbyr ulike former for læringsmateriell. Slik Skolemøte-dagen er organisert, er utstillerne jevnt over svært fornøyd med besøket og arrangementet, og de kommer igjen hvert år.

Web-portalen levert av Fossum IT fikk forbedringer utover i tiåret, blant annet med en egen faktureringsmodul. Den har vært et viktig verktøy for alle styremedlemmene ved planlegging og gjennomføring av arrangementet. Likevel ser nåværende styre at den er litt utdatert. Det investeres derfor i ny hjemmeside fra 2020.

Gjennom de to siste tiårene har Skolemøtet for Rogaland med sin kursdag tredje fredagen i november, vist sin berettigelse. Skoler og barnehager slutter opp om arrangementet, og selv om flere arbeidsplasser også bruker planleggingsdagen til studietur eller til intern planlegging, så kommer de tilbake som deltakere på Skolemøtet året etter.

Når Elin Våge Sjødin i 2020 tar over lederansvaret etter Lars Astrup, sammen med sitt nye styre som både representerer erfaring og fornyelse, er det i visshet om at Skolemøtet for Rogaland fremdeles har ry på seg som en erfaren kursarrangør og som fremdeles baserer aktiviteten på stor grad av frivillighet og unik interesse for å skape utvikling i Rogalandsskolen.

Selv om covid pandemien stopper et tradisjonelt Skolemøte-arrangement høsten 2020 i det Skolemøtet for Rogaland runder 70 år, så vil behovet for møteplassen som Skolemøtet representerer, fremdeles være til stede.

St. Olav videregående skole 100 år

AV FINN GABRIELSEN

St. Olav vgs er vel i dag mest kjent for å vera ein skole som pleier å konkurrera med Kongsgård om dei mest skoleflinke elevane på program for studiespesialisering, og for at St. Olav tilbyr International Baccalaureate (IB). Men dei som er litt opp i åra, veit at skolen har ein tradisjon som «kremmarskole», og at det er derfor avgangselevane framleis er blårudd.

I 2021 var det 100 år sidan Stavanger Handelsgymnasium blei oppretta. St. Olav vgs hadde derfor planlagt ein større jubileumsmarkering som dessverre måtte kansellerast pga koronarestriksjonar. Men ei større jubileumsbok med tittelen *Utfordringer og utvikling. St. Olav videregående skole gjennom 100 år* blei ferdig og er til sals i utvalde bokhandlarar. Boka er skriven av eit forfattar-kollektiv som har bestått av Gunnar Roalkvam, John Gunnar Johnsen og underteikna, mens rektor Karl Roar Vigmostad er ansvarleg utgjevar. Boka handlar mykje om livet på St. Olav, men legg vekt på å setta utviklinga på skolen inn i ein nasjonal og skolehistorisk samanheng. Boka er rikt illustrert både frå eldre og nyare tid. I denne artikkelen vil eg gjere nokre smakebitar av innhaldet i boka.

Etableringa i 1921 og egne lokale i 1957

I 1921 var talet på handelsverksemdar i Stavanger i vekst, men det fanst inga merkantil utdanning i byen. Stavanger Handelsforening ønskte sterkt ei forandring på dette, og pressa på for at Stavanger kommune skulle

gjere fødselshjelp til eit nytt utdanningstilbod. 17. juni 1921 vedtok Stavanger bystyre at det «*igangssettes en første klasse av et 2-aarig handelsgymnasium*». (...) «*I tilknytning til gymnasiet oprettes et etaarig kursus for kvinder*». Eit mindretal på sosialistisk side var imot, og det blei argumentert med at dette var «*en ren overklasse-foranstaltning*». Ein representant for fråhaldsrørsla og forbrukarsamvirket meinte at «*handelsstanden, som vi andre maa fø paa, er tallrik nok fra før.*»

Grunngjevinga for å ha 2 år for menn og 1 år for kvinner som hovudregel var at «*Disse (dvs. kvinnene) kommer som regel ikke til at indta nogen ledende stilling inden foretningsverden. (...) Det sterke arbejdspress som handelsgymnasiet maa paalegge sine elever, er dessutan uheldig for kvinder i udviklingsalderen. Det er dog fuld adgang for kvinder til det to-aarige kurs.*»

Stavanger Handelsgymnasium heldt i starten til på St. Svithun skole på Storhaug med Mandius Berentsen som rektor (medforfattar av den særskildige dialektgranskninga «*Stavanger bymål*» utgitt i 1925). Først i 1936 fekk skolen eiga leing, og det tok heilt til 1957 før skolen fekk egne lokale i Jens Zetlitz gate der St. Olav er i dag. Då var handelsgymnasiet blitt treårig og hadde fått fleire allmenne fag. Det kortare og meir yrkesretta tilbodet blei i 1960 skilt ut i ein eigen Stavanger handelsskole i same bygning. Etter kvart blei kjønnsfordelinga mindre skeiv enn den var i starten.

Nye namn, fusjon og strid om styringsform

I 1976 tok ny lov om vidaregåande skolar til å gjelda. Då hadde allereie Rogaland fylkeskommune blitt skoleeigar, og skolane fekk nå nye namn. Stavanger Handelsgymnasium blei til St. Olav vgs, og Stavanger Handelskole fekk namnet Ledaal vgs. Dei to skolane heldt til i same skoleanlegg som var blitt utvida i fleire omgangar, og tilboda var blitt meir like. Etter mykje nøling bestemte politikaane i fylket å slå dei to skolane saman frå hausten 1996.

St. Olav representerte eit meir akademisk miljø enn Ledaal som var meir yrkesretta, sjølv om også Ledaal hadde tilbod som gav studiekompetanse. Motstanden mot fusjon var størst i deler av personalet på St. Olav, og redsel for å få mindre skoleflinke elvar var nok ein viktig grunn. Men det gjekk seg til etter kvart, og snart ville ingen tilbake til to skolar på same tomt. Den fusjonerte skolen blei snart populær. Sentrumsnære skolar i større byar har nok lettare for å få høg status, og dette har ofte ein sjølvforsterkande effekt. Skolen blir populær blant lærarar på jobb jakt og som skolen kan velja frå, og ikkje minst driv motiverte og skoleflinke elevar kvarandre fram.

I jubileumsboka kan ein lesa om at nye stridssaker kom opp etter at konflikten om samanslåing hadde lagt seg. Både på St. Olav og på alle andre skolar blei lærarråd lagt ned ved lovendring i 1993. Nå var det rektor som skulle ta endeleg avgjerd etter obligatorisk drøfting med dei tillitsvalde. Mens rektor før var meir «først blant likemenn», understrekte nasjonale styresmakter nå behovet for ei sterkare arbeidsgjevar-rolle i skoleverket. Målstyring blei innført i offentleg sektor. Rektor fekk med seg ei leiargruppe som i tillegg til rektor bestod av avdelingsleiarar med meir tydelege leiaroppgåver enn dei tidlegare inspektørane. Samtidig forsvann dei tidlegare hovudlærarane.

Denne nye leiarstrukturen liknar jo mykje på det som er vanleg elles i arbeidslivet, men blei av fleire lærarar oppfatta som for topptungt. Dei som hadde viktige roller og mykje taletid i det tidlegare lærarrådet, reagerte nok mest, og det var på gamle St. Olav lærarrådet stod sterkast og den formelle leiinga svakast. På Ledaal var i det heile forholdet mellom lærarane (mange frå arbeidslivet) og leiinga meir prega av samarbeid og gjensidig respekt. Det tok fleire år før dette mønsteret etablerte seg på den fusjonerte skolen.

Jubileumsboka peiker på det interessante i at på dagens St. Olav har pendelen svinga litt tilbake frå preget av «top-down». Ein har innført «samskaping» som del av felles visjon. Dei tillitsvalde har fått ei endå meir sentral rolle enn før. Og ikkje minst har ein innført «lærande møte», der ein har teknikkar for at alle skal få delta. Både i lærarråd og i mindre møte kunne det før vera ein tendens til at nokre taleføre dominerte og gjorde at mange andre deltakarar tidde stilt.

Vurdering som viktigaste utviklingsområde og ny elev-lærar-relasjon

Jubileumsboka til St. Olav er ikkje reint «historisk» orientert, men tar og opp pedagogikk. Det går fram av boka at i seinare år har arbeidet med vurdering (både med og utan karakter) vore det viktigaste utviklingsområdet. Litt forenkla kan ein seia at vurderingspraksis tidlegare var opp til kvar enkelt lærar. Nokre gav pluss for elevar som var «aktiv i timen», mens andre ikkje gjorde dette. Nokre hadde «vippeprøver», mens andre ikkje. Og leiinga blanda seg ikkje oppi vurdering, den «administrerte».

Den nasjonale satsinga på «Vurdering for læring» endra på dette. Det blei innført vurderingskriterium og modelltekstar, slik at elevane skulle vita på kva for grunnlag karakterane blei sett. Eleven fekk rett på

framovermeldingar, dvs. tips frå lærar på kva eleven kunne gjera betre. Og ikkje minst har leiinga jobba hardt for at talet på prøver skulle reduserast. Det blei innført «læringsoppdrag» som ikkje treng vera karaktersett av lærar kvar gong, men som likevel var ein del av det samla vurderingsgrunnlaget.

I ein samtale med lærarar som er referert i jubile-

umsboka, seier ein lærar med lang erfaring at relasjonen mellom elev og lærar har endra seg vesentleg over tid. No er det eit mindre hierarkisk forhold, og meir preg av partnerskap. Elev og lærar samarbeider meir om mest mogleg læring. «Trenar-hatten» til lærar er blitt viktigare på kostnad av «dommar-hatten».

JOKKUM

HISTORIEN OM EN BUSS



”Hei, kom og se! – Det er egg i baksedet!” - Hvilket baksete? - Jo, vi var en liten gjeng unge entusiastiske kristenruss som hadde funnet frem til gården Haga i Sandnes for å finne ut om Sverre Haga – eller ”Haga Buss” - hadde en pensjonert buss vi kunne kjøpe/leie for noen uker. Året var 1957 og vi hørte hjemme på Kongsgård og St. Svithun.

”Jau ... nei, mæ fær sjå nere i hagjen”. Sverre drog på det og var tydelig i tvil om han kunne vise fram den eneste pensjonerte bussen han hadde. Vi ble også litt i tvil da vi nede ”i hagjen” så noe som kanskje en gang hadde liknet på en buss, men som nå liknet mer på et friluftshotell for frittgående høner. Døra manglet, så hønene vandret ut og inn etter behag – kanskje for å hvile litt – eller kanskje legge et egg i baksetet i ”bussen”. Doningen manglet også hjul og var plasert på noen stabler av sviller – eller var det plankebiter? Så, hva skulle vi gjøre? Etter nærmere undersøkelser viste det deg at ”bussen” var en gammel Citroen med sekssylindret ”Ottomotor” – eller bensinmotor, som vi ville si i dag. Den var bygget før krigen og hadde i mange år gått i rute mellom Stavanger/Sandnes og Hommersåk/Breivik. Nå var den hønsehus!

Vi tok et lite ”stammeråd” og ble enige om at vi skulle forhandle videre med Sverre Haga. Hvor var døra og hvor var hjulene? Hva var prisen? ”Jau, hjulå og dorå låg inne på låå og dokke ska sleppa å kjøb’an – de e bere om dokke leig’an for den korta stonnå”. Pris: 450,00 kroner for hele russetida.

Og sånn ble det. Sverre skulle finne og montere hjulene og døra skulle letes fram fra lået et sted. I mellomtiden skulle formaliteter ordnes hos politi og veimyndigheter. Sverre ordnet med registrering og vår selvsikrede bussjåfør, Frode, skulle ordne med kjøretillatelse. Egentlig trengtes det fullt utvidet førerkort for å kjøre en så stor bil med så mange passasjerer, men da Frode er ekspert på å se seriøs ut, fikk vi lov til å kjøre uten å ta betaling ”på bærturer og liknende”! Biltilsynet fikk vente til hønsehuset var gjenkjennbart som buss. Frode ble bussens faste førstepilot.

Det var stort å prøve bussen for første gang! Hjulene var på plass, men døra fikk plass i midtgangen. Det viste seg at grunnen til at den i sin tid var falt av, var at store deler av trerammen var rotet bort – og vi tenkte: ”Er treverket inni resten av bussen også råttent?” Det viste seg senere at det var det ikke. Jeg tror turen til Stavanger gikk OK – husker bare at jeg satt i den åpne døråpningen og nøt brummelyden fra den store seks sylinderte rekkemotoren. Senere skulle setet nærmest døra bli min faste plass – det var mekanikerplassen! Det viste seg at bussen måtte ha en fast ”mecanicus” som kunne hoppe ut på kort varsel når motoren fant på noe krøll. Jeg vet ikke hvorfor akkurat jeg ble utpekt til dette vervet, men det førte i alle fall til jeg i russetiden var mer kledd kjeledress enn russedress!

Foreløpig stopp var Solborgveien på Tjensvoll der pilot Frode bodde, men bussen skulle undersøkes, ev. repareres og til slutt males rød og dekoreres. Vi trengte plass innendørs! Så, hvor passer det best å plassere en stor, rød bil? Jo, selvsagt – på brannstasjonen! Den gangen holdt Stavanger brannstasjon til i et stort gammelt trehus midt på det som i dag er Domkirkeplassen, men stasjonen var nettopp flyttet ut til nye moderne lokaler på Lagårdsveien – derfor var det god plass til oss. Brannsjefen syntes bare det var hyggelig å la de gjenværende brannbilene få gjestebesøk!



Alt oppussingsarbeidet foregikk som dugnad på liv og lyst! Det ble hamret og banket, filt og pusset, oljet og malt! Doningen liknet ikke lenger på et hønsehus – den var blitt til noe som liknet en buss. Den hadde til og med fått navn – ”Jokkum” – og en mascot: ”Jokkumsen”! Men hva med døra? Jo, den ble – takket

være en velvillig vaktmester – tatt til snekkerverkstedet på Solborg folkehøgskule der den ble demontert og forsynt med nytt treverk. Den ble som ny! Så var det biltilsynet! Det hjalp at Jokkum var nymalt og hadde fått døra på plass, men vi var urolige for



forstillingen framme. Her var det slitasje som ikke var helt bra slik at det ble slark i styre-overføringen. Nå var gode råd dyre! Frode fant da på å stramme styrefriksjonen så mye at slarken på forstillingen ikke kunne merkes. "Ikke bra" tenker vi i etterpåklodskapens lys

Mulligens var det slarken i forstillingen som lå bak et mystisk fenomen – "skrue- og muttermuren". Når farten økte til over seksti kilometer i timen, begynte Jokkum å riste og bråke noe forferdelig. Det var som å passere lydmuren, for når farten økte ytterligere, forsvant ulydene. Mens restingen pågikk som verst, fryktet vi at skruer og mutre skulle løsne – derfor navnet "skrue- og muttermuren". Senere definerte vi fenomenet som en egenskap og ikke en feil!


Mens vi ventet på at den egentlige russefeiringen skulle starte på 17. mai, tok vi småturer med Jokkum og tenkte at livet bare er herlig. Men... det ser ut til at alle paradis har en eller annen slange! Det var noen som ikke ville oss vel. En dag da vi skulle hente Jokkum på Tjensvoll, var han ikke å finne. Etter litt leting viste det seg at "noen" hadde tappet luften ut av dekkene, løsnet håndbrekket og dyttet Jokkum ned Tjensvollveien. I motorkassen var alle tenningsledningene revet løs og slangene var vridd ut av posisjon inni dekket! Puh! litt av en jobb! Hjulene måtte tas av ett for ett og fraktes i lånt bil ned til vulkaniseringsverkstedet på Lagårdsveien. Motoren måtte sveives for hånd for å bestemme tenningsrekkefølgen for sylindrene. Jeg tror også at det var sabotert noe med bremsene. Heldigvis var ikke bussen dekorert ennå, så der var det ikke hærverk. Vi var blitt advart – nå måtte vi være på vakt! Klok av skade skrev jeg ned tenningsrekkefølgen til sylindrene. Denne rekkefølgen skar jeg inn i russestaven slik at den alltid var tilgjengelig!



Jokkum var ganske tørst – både på vann og bensin. Vi forsøkte å finne ut *hvor* tørst – og kom til at han ville ha ca 1,7 liter bensin pr. mil. Her var det viktig å økonomisere. Nå viste det seg at en i vår flokk kjente en mann som kjente en mann som kunne skaffe oss en del liter med billig "traktorbensin" eller "fiskerbensin" som noen kalte det. Nå var Jokkum verken traktor eller fiskebåt – og motoren var absolutt ikke beregnet på det ekstremt lave oktantallet (okt 60?) til traktorbensinen. Men vi visste råd: Hva om vi byttet ut den flotte Carter fallforgasseren med en som hadde justerbar dyse? Ned til Knoksen, som den gang holdt til på Lagårdsveien – og der fant vi en Solex-forgasser med variabel dyse! For sikkerhets skyld kjøpte vi også et helt nytt keramisk bensinfilter med

vannutskilling (dette filteret gjorde senere tjeneste i mekanikerens motorbåt i 42 år!). Så bar det ned til Dahles skipshandel der vi fyllte ca 20 liter billig bensin kjøpt under navnet til vår ukjente velgjører. Jo, Jokkum gikk da på et vis, men det ble mye justering og

plunder underveis så det ble til at vi gikk over til vanlig lavoktan bensin igjen. Det ble flere turer med en russegjeng som ble mer og mer sammensveiset. Åpen buss og åpne hjem! Vi tenker ofte på de hyggelige hjemmebesøkene som begynte hos Bjørg Imsland, der vi ble samlet første gang.



Det nærmet seg 17. mai. Ny dugnad med flikking og maling. Jokkum ble dekorert etter alle kunstens regler – uten reklame! Men hva ville skje natt til 17. mai? Det gikk rykter om at "noen" skulle lete opp bussen og utføre hærverk av noe slag. Og med erfaringen fra episoden i Tjensvoldveien i friskt minne, måtte noe

gjøres! De "noen" var mobile i egne russebiler og kunne finne Jokkum i hele distriktet. Førstepilot Frode la en plan. Han parkerte bussen foran huset i Solborgveien og gikk til ro for natten – men han sov ikke! Så, i halv totiden hørtes lyder fra der bussen sto. De brukte

lang tid - med malerkoster! Da de omsider var ferdige, listet piloten seg ut og så at hele bussen var overmalt med diverse lite hyggelige slagord – lakkmalning. Dette hadde piloten tatt høyde for. Nede i kjelleren hadde han en stor kanne med white spirit og en haug med gamle bomullsfiller. Malingen var helt fersk og lot seg greit fjerne – uten spor! Piloten gikk og la seg og fikk seg litt søvn før solen sto opp over selveste 17. mai.

Det ble en uforglemmelig 17. mai morgen. Hele gjengen var invitert hjem til Tommy der vi ble servert en herlig frokost. Så var det bare å vente på barnetoget og russetoget. Da Jokkum dukket opp i russetoget, ren og nypusset, var det ”noen” som fikk hakeslepp. De hadde gledet seg til å se en buss med sine litt ufine slagord – og skjønte ingenting! Men de hadde ikke tenkt å gå seg. De skulle ta hevn for nederlaget.

Selve russefeiringen forgikk på leirstedet Vier i Riska. Selve ankomsten viste seg å bli noe problematisk. Vi måtte passere en port med solide betongpeler på hver side. Det var bare centimeter å gå på og Jokkum var ganske brei. Igjen var det piloten som klarte det. Han smøg breie Jokkum på første gir forsiktig gjennom porten – uten skade!

Det ble en herlig kveld på Vier med mye sang, lått og løye, men også med alvorsord fra vår kloke leder Benna.

Morgenen kom og vi skulle forlate Vier. Men akk! – Piloten var nok litt overmodig etter gårdsdagens manøvrering, for han stolte litt for mye på eget øyemål og litt for lite på dirigeringen. Jokkum skled langsomt gjennom betongporten i første gir som sist, men denne gangen akkompagnert av en rar skrapelyd! Et raskt blikk bak mot styrbord side viste ”Ridende mann med gitar” i vakre aluminiumsfolder. Det gikk bra. Vi kom tilbake til Stavanger. Den foldete aluminiumsplaten ble erstattet av en ny i billigere forsinket jern. Ny ”Ridende mann...” ble malt og Jokkum var like god.



Det nærmet seg Pinse. Vi fikk besøk av kristenruss fra Kristiansand og selv skulle vi dra med Jokkum til Kristiansand der det var forberedt en stor samling av kristenruss fra store deler av Sør-Norge. Det var den første større russeamlingen noen sinne og vi gledet oss – både til selve turen ned, og til å treffe kristenruss fra andre deler av landet. Men vi hadde et problem: ”Noen” ville oss fremdeles ikke vel og hadde sverget på at de skulle utføre

sabotasje slik at Jokkum ikke var kjørbar. De skulle nok finne bussen!

Vi fikk høre i ettertid at de hadde kjørt hele natten over store deler av Jæren uten å finne Jokkum. De forsto ingenting! Hvor var bussen?

Jokkum? – jo, han var trygt parkert i den nye brannstasjonen på Lagårdsveien midt mellom andre store røde biler! Ingen kom på å lete der!

Så kom avreisedagen. Takgrinden ble lastet full av soveposer, ryggsekker og en og annen liten koffert. Ca 25 glade russ var klare for avgang. En av oss, Torger Bø, var litt skeptisk til bussens tilstand, så han foretrakk å reise med sin egen motorsykkel. Han fikk lov til det;

Turen startet bra. Piloten hadde funnet ut at en mystisk indre trasé ville bli noe kortere enn den vanlige riksveien, så vi var ved godt mot (senere viste det seg at denne ”snarveien” var den eneste vi ikke hadde lov til å kjøre på med en så tung bil!). Etter noen timers kjøring begynte motoren å fuske. Forløpet av det som hendte har mekanikeren av forståelige grunner delvis fortrent, men noen glimt spøker ennå langt inne i de mørke deler av hukommelsen. Her er noen glimt:

Det var tydelig at motorproblemene var enten knyttet til tenningsystemet eller bensintilførselen. Opp med motorpanseret. Av med fordelerlokket. Skraping av irr på kontaktene. Testing av hver tennplugg om det var gnist.

Alle pluggene fungerte, så da måtte problemene komme fra bensinsystemet. Av med luftfilteret på forgasseren. Mekanikeren forsøkte å lage sug ved å strupe forgasseren med hånda. Det hjalp, men det gjorde vondt i hånda etter hvert. Ny teknikk måtte prøves. Med bensin i en kopp, matet mekanikeren dråpe for dråpe i luftinntaket. Det virket. men ikke godt nok. Bussen ble for tung i bakkene – alle måtte ut! Utrolig nok tok gjengen situasjonen med fatning når de måtte ut og inn av bussen hele tiden. Noe av æren for det må vi gi til musikkavdelingen bestående av Oddvar og Per Torstein. De sørget for at sang og liflige toner fylte bakker og sinn med vellyd!

Det ble mye start og stopp av motoren, men plutselig virket ikke selvstarteren lenger! Bare et svakt klikk fra tenningsreleet – ikke noe brumming fra selve starteren. Vi ble nødt til å løsne starteren for å se hva som sviktet. Jo, det var en hovedkabel som var irret av! En kabel som skulle tåle ca 150 Ampere med strøm!

Hva gjør vi nå? Det var begynt å mørkne. Vi befant oss på en heller øde vei uten trafikk og vi hadde langt igjen til Kristiansand.



Men der det er lys er det håp! Et godt stykke fra veien lå et lite gårdstun der det lyste fra et stuevindu. Var det hjelp å få der? Piloten og mekanikeren pakket selvstarteren inn i noe papir og lusket opp til gården. Kona som åpnet så helst engstelig ut da hun så disse to skumle fremmede ute i havmørket. Mannen måtte komme! "Ke e problemet dokka?" ville han vite. "Var det mulig å få låne en stor loddebolt på minst 300 Watt?" Vi skjønnte at svaret selvsagt ville bli negativt – ikke mange har en 300 W loddebolt liggende i skuffa! "Jau, bli med ud i eldhuset så fæ me sjå" Og der fant han loddebolten! Den kraftige ledningen ble loddet grundig sammen. Bonden skulle ikke ha betaling når han hørte hva slags folk han hadde med å gjøre.

Da starteren var montert og testet, var piloten og mekanikeren ganske utslitte. Gjengen i bussen var også slitne av alt ståket og var kommet over i et fjollet stadium som irriterte de to ansvarlige grenseløst! Nå var det nok! Piloten og mekanikeren marsjerte ut av bussen, slo døra igjen etter seg, åpnet bagasjeluka bak og satte seg sure inn i bagasjerommet. Det ble dørgende stilt i bussen. Budskapet var oppfattet.

Slik satt vi en lang stund og furtet. Så hørtes en sped og forsiktig stemme fra baksetet: "Eg kunne fått såde på med Bø'en eg" Stemmen som tilhørte Tor Jostein var det som skulle forløse den mørke stemningen. Vi kunne le igjen og – under over alle under – bussen startet og tuslet og gikk uten større problemer helt fram til Kristiansand. Da hadde vi vært på farten i 24 timer. I ettertid fikk vi høre at det også var avholdt en alvorlig bønnestund der i baksetet. En eller annen "der oppe" må ha funnet at russegjengen fra Stavanger hadde fått nok prøvelser – nå måtte de komme seg trygt til Kristiansand!



Oppholdet i Kristiansand ble svært vellykket – ikke minst på grunn av klok og dyktig ledelse fra lederne Reidar Paulsen og Benna. Det ble utflukter, gudstjeneste og samlinger. Alle var glade.



Vi la ut på hjemreisen med godt mot og var kommet ganske langt før bensinproblemene begynte igjen. Men – merkelig nok – denne gangen var vi sikre på at ting ville ordne seg. For sikkerhets skyld demonterte vi bensinrøret. Det var i god stand uten tetting. Så bensinfilteret – det var også OK. Da måtte det være bensinpumpa.



At vi ikke hadde sjekket den på nedturen! Der lå feilen – en liten rift i det ene ventilhuset gjorde at stengeventilen hang seg opp slik at bensinen ikke ble presset videre opp i forgasseren. Riften ble polert vekk og Jokkum tok oss trygt tilbake til Stavanger.





Turen hjem gikk fint!

Det led ut i juni måned. Eksamen ble gjennomført og russeluene ble byttet ut med sorte studenterluer. Den glade russejengen ble spredt for alle vinder – men Jokkum, hvor ble det av ham? Senere samme året fant vi ham utenfor Haga sitt verksted i Hommersåk. Han var dekket av snø, den ene lykta var knust, men ellers virket han i fin form. Dekorasjonene var fremdeles intakte og det var nesten som om han satte pris på et besøk fra gamle kjente. Senere fikk vi høre at han hadde fått et etterliv ombygd til kranbil, men det er bare rykter.....





*RADIATORPLUGGEN ER DET ENESTE SOM ER TATT VARE PÅ AV
JOKKUM. Den residerte i mange år hos førstepilot Frode i USA, men er nå
i gode hender hos mecanicus!*

Frå skulehus til pilegrimsgard

AV SIGMUND SUNNANÅ

Denne artikkelen blei først trykt i jubileumsboka: Nytt skudd på gammel stamme. Utstein Pilegrimsgard 2002–2012.

Det første skulehuset i Klosterkrinsen stod på andre sida av vegen som går forbi pilegrimsgarden. Dette huset vart bygt på slutten av 1860-talet på garden Kåda, men vart i 1882 flytta til Klosterkrinsen. Huset hadde ei skulestove med plass for 30 elevar i eine enden, og ein lærarbustad som inneheldt eit rom + kjøkken og gang i den andre. Huset var lite og ulagleg på alle måtar. Klasserommet var altfor lite i forhold til elevtalet i krinsen, og lærarbustaden lite tenleg som bustad for ein lærar med familie. I første omgang vart det kjøpt lærarjord og sett opp ny lærarbustad, og lærarbustaden i skulehuset vart omgjort til klasserom. På 1920-talet var kravet om nytt skulehus framme i skule- og heradstyret fleire gonger. Det var stor usemje om ein skulle byggja på det gamle huset eller byggja nytt. Skulestyret ville byggja nytt, og dette vart til slutt vedteke av heradstyret.

Formann i skulestyret, Vilhelm Sunnanå, laga skisse til eit relativt stort bygg på grunnlag av typeteikningar frå departementet. Dei tekniske løysingane, materialbruken og kostnadene vart sette opp i samarbeid med Martin Hodnefjell som var ein flink bygningsmann. Planane omfatta to relativt store klasserom, ein kvist for mellom anna undervisning i handarbeid for jenter og til bruk for framhaldsskulen, og eit stort kjellarrom

som kunne nyttast til opplæring i sløyd og kroppøving og dessutan lagerrom med meir. I tillegg kom lærarrom og rom for undervisningsmateriell, uthus og ein relativ stor leikeplass framfor huset.

Då planane vart lagde fram for heradstyret, vart det stor strid om behovet for kvisten. Saka var føre i heradstyret fleire gonger. Kvisten var kostnadsrekna med ei nettoutgift på kr. 300,- for heradet, og saka gjekk til slutt gjennom med ordførar Lars Ramndal si dobbeltstemme. Heile bygget kosta kr. 9000,-. Statstilskottet var på kr 6000,- så nettokostnaden for heradet vart kr. 3000,-. Bygget stod ferdig i 1933.

Klosterkrinsen fekk med dette eit tidsmessig skulehus som var stort nok til å kunne tilpassast både auka elevtal og nye fag og klassedelingsreglar. Bortsett frå ein periode i 1941/42 då huset var rekvirert til bustad for tyske soldatar medan fortet på Fjøløy vart bygt opp, var huset skulestad for alle elevane i krinsen for 1. – 7. klassesteg fram til 1966. Då vedtok kommunestyret i Rennesøy å slå saman Klosterkrinsen og Vaulakrinsen med Vaula som skulestad. Sidan Vaula skule ikkje hadde tilstrekkeleg med rom, skulle elevane i 1. -3. klasse inntil vidare gå på Utstein Kloster skule, og i ei overgangstid kunne begge skulehusa nyttast slik det

var mest føremålstenleg. Dette førte til at skulehuset i Klosterkrinsen vart nytta som skulestad for elevane på 1. - 3. klasseteg både for Kloster- og Vaulakrinsen fram til 1990 då skulen vart lagt ned.

I dette huset tok barna i Klosterkrinsen sine første steg på kunnskapens veg. Dei lærde å lesa og rekna. Kristendomskunnskap var eit viktig fag. Kravet var at elevane skulle kunne det meste i bibelsoga og katekisma utanåt, og dei lærde salmar som var ein skatt dei bar med seg som vaksne. Forteljingar frå historie og lesing av barnebøker og annan litteratur gav fine og varige opplevingar. For mange elevar var samværet med kameratar og leiken i friminuttane noko av det aller kjekkaste. Gjennom arbeid og strev med tileigning av bokleg lærdom, etisk og moralsk påverknad, samvær og glede i leik og kameratskap gav elevane eit grunnlag som dei kunne byggja livet sitt vidare på. På skulen møtte nok dei fleste elevane både opp- og nedturar. Dette kunne også vera ei viktig førebuing for seinare liv så sant ikkje nedturane vart så store at dei førde til mindreverdskjensle og lita sjølvtiltru. For skulen har det vore – og er – eit mål at elevane skal bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.

Skulehuset har ikkje berre vore nytta til skule. Det har også tent mange andre føremål i krinsen, til dømes som møtestad for lag og organisasjonar, møterom for foredrag og andre samkomer, vallokale med meir. Både bedehuset, skulehuset og butikken var sentrale samlingsstader for folk i krinsen.

I samband med at elevane i 1990 vart overførde til Vaula skule, skreiv rektor Øystein Hageberg ein farvelsong til Utstein Kloster skule. Songen gir uttrykk for nokre av dei kjensler som følgjer med skulenedlegging.

Tone: Opp i Fjellveien--

Kjære gamle skulen vår
Snart igjen aleina står
Me har pakka og ska flytta inn te Vaula
Det e rart å tenka på
Atte me ska slutta nå
Det e heilt naturligt
Om me felle tårer--

Bestefar og bestemor
Mor og far og søster, bror
Her dei gjekk og fekk sin aller første kunnskab
Lærte lesa, skriva tal
Det va møje strev og bal
Ittekvalt så greidde de
det aller mesta--

Her va store legeplass
Her stod ein gong udedass
Me slo ball og boksen av
Og spende fotball
Og me gav eit lide vink
Gjorde mange hopp og hink
Politi og tjuv og katt og mus og tikken--

Men nå e det ganske slutt
Og me fyre ein salutt
Gjer honnør og skrøyd te gamle, goe skulen
Utstein Kloster du va bra
Du va jammen god å ha
Lenge leve i vårt minne
Kloster skule !!!

Etter 1990 er skulehuset blitt nytta til ymse aktivitetar, mellom anna har ein ungdomsklubb hatt rom der, like eins ein frisørsalong, huset har dessutan hatt rom for fotpleie, gitt lagerplass til Sanitetsforeininga med meir. I fleire år vart huset også nytta til kunstutstillingar. I 2002 selde Rennesøy kommune huset til stiftinga Utstein Pilegrimsgard for kr. 500 000,-.

Huset har i det siste tiåret blitt rehabilitert og ombygd slik at det skal vera tilpassa føremålet og bruken for pilegrimsgarden. Ved hjelp av små midlar og stor frivillig innsats er den gamle skulen blitt renovera rom for rom. Det største løftet var underetasjen som i dag husar 6 vakre rom for overnatting med bad og toalett (hotellstandard). Denne etasjen inneheld dessutan diverse lagerrom og tekniske rom. I første etasje er det laga kjøkken og toalett. Gangar og trappegang er isolert

og pussa opp. Kontor, stover og rom for servering av mat står ferdige, og ikkje minst er det laga til eit kapell – eit rom for stille, bønn og åndeleg rettleiing. Utvendig er det skifta vindauga og kledning. Det er strenge vernereglar for området. Ytre sett har Pilegrimsgarden fått tilbake det vakre uttrykket den hadde som nytt skulehus.

Føremålet for Pilegrimsgarden er at det skal vera ein stad for stille, bønn og åndeleg rettleiing. Det var nok meir støy og liv i huset då det vart nytta til skule. Både som skule og pilegrimsgard inneheld huset djupast sett noko felles: ei streiving for den enkelte til å finna seg sjølv og å utvikla seg i høve til sin Gud og sine medmenneske. Skulehuset blir nå teke vare på i andre former og nye funksjonar på ein verdig måte.

Sør-Fogn skule

AV SIGMUND SUNNANÅ



Sør-Fogn skule er restaurert og på plass på Ullandhaug. I dag har skulen ei anna plassering på universitetsområdet.

Sør-Fogn skule, Finnøy kommune, blei bygd på midten av 1870-talet og var i bruk til sommaren 1963. Skulelova frå 1860 kravde faste skular i staden for omgangsskular.

På slutten av 1800-talet blei det på bygdene i Rogaland bygd mange skulehus som likna på Sør-Fogn skule. I huset er det gang, skulestove med plass til ca. 20 elevar, rom for læraren og loft.

I 1985 blei huset flytta med helikopter til Stavan-ger lærarhøgskule. Personalet ved høgskulen stod for mykje av det praktiske arbeidet med flyttinga. Huset skulle gi lærarstudentar, skuleelvar og andre høve til å få sjå og oppleve korleis skuletilhøva var før jamført



Helikopter set huset på plass på det oppførte fundamentet.

med tida no. Skulestova blei utstyrt med inventar som hadde vore i bruk i skulen, til dømes veggtafle, kateter, gamle pultar, globus, kart over Jødeland, plansjar om mål og vekt og med bibelske motiv.



Då skulehuset var ferdig restaurert, blei elevane på Sør-Fogn inviterte til kaker og brus. Johan Hovda, som hadde vore lærar på skulen, fortalde om korleis det var å vera lærar på hans tid. På biletet står medlem av flyttekomiteen, Jon Økland, bak kateteret, og skuledirektør Lars Beite står framfor tavla.

I dei første åra blei huset brukt til undervisning og arbeid i mindre studentgrupper, ekskursjonsmål for skuleklassar m.m. Seinare er det gamle inventaret sett bort og huset blir nå nytta av Senter for entrepenørskap. I Skolehistorisk årbok for Rogaland 2011 er det ein artikkel med meir utfyllande opplysningar om skulen.

Kort omtale av forfattarane

INGE BØ, (f. 1934). Lærarutdanning, befallsskole, magistergrad i pedagogikk, doktorgrad i sosialpedagogikk. Lærer i folkeskule, lærarskule, sosialhøgskule og distriktshøgskule. Professor ved Høgskolen i Stavanger. Fag- og forskingsområde: utviklingspsykologi, sosialpsykologi, miljøarbeid og sosiale relasjonar. Har skrive lærebøker og artiklar i dagspresse og fagtidsskrift.

JAN BJARNE BØE (f. 1943) er professor emeritus i historie og historiedidaktikk. Han har fra 1975 til 2013 vært ansatt i lærerutdanningen, først ved Stavanger lærerhøgskule, deretter ved Høgskolen i Stavanger og UiS. Hans forskning har i stor grad handlet om historiedidaktiske grunnproblem som historiebevissthet, historiebruk, fortellingens funksjon og lokalhistoriens betydning. Hans doktorgrad var om psykiatriske pasienter i privatpleie på Jæren i etterkrigstiden. Han har skrevet et stort antall bøker, i tillegg til historiedidaktikk også i psykiatrichistorie, lokalhistorie og om mennesker med funksjonshemming. Han var redaktør av *Hå kulturhistorie* (1-4) sammen med Marie Smith-Solbakken.”

JORUN ESPEDAL har vore lærar i grunnskolen, spesialpedagog og øvingslærer for studentar frå Stavanger lærerhøgskule. Ho har mellom anna skrive artikkelen *Kvaleberg skolekrets 120 år og dagbøker*, prologar med meir.

ÅSULV FRØYSNES, (f.1942) er Cand philol. med engelsk, tysk og historie. Han har arbeidd i Kyrkje- og undervisningsdepartementet (nå Kunnskapsdepartementet) som konsulent, byråsjef for lærarutdanning og underdirektør og seksjonsleiar for Høgskoleseksjonen i Universitets- og høgskoleavdelinga. Høgskoledirektør for Høgskolen i Oslo og Akershus (nå Oslo Met-Storbyuniversitetet). Skrive artiklar og vore medforfatter i bøker om grunnskole, lærarutdanning og høgre utdanning.

FINN GABRIELSEN, (f. 1950), er i dag rektor på St. Olav vidaregåande skole. Han har tidlegare vore seksjonssjef i Rogaland fylkeskommune, underdirektør i det som nå er utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland, rektor i kommunal vaksenopplæring og lærar i norsk, historie og samfunnsfag i vidaregåande skole. Han har skrive fagbøker innanfor språksosiologi og undervist i norsk som andrespråk i lærarutdanninga.

SVEIN HELGESEN, (f. 1948). Lærarutdanning og vidareutdanning i pedagogikk (hovudfag), kristendomskunnskap (årseining) og organisasjon og leiing (årseining). Lærer i grunnskule og folkehøgskule, høgskulelektor og undervisningsleiar ved Stavanger lærerhøgskule. Skule- og barnehagesjef i Randaberg, seniorforskar ved IRIS, utdanningsdirektør i Rogaland og statssekretær i KUF. Seniorrådgivar med eksterne utviklings-/prosjektoppdrag, mest i kommunal sektor.

TOM HETLAND, (f. 1954), Cand. philol. frå Universitetet i Bergen med faga historie, russisk og nordisk. Tilsett i Stavanger Aftenblad sidan 1986, i perioden 2002–2011 som sjefredaktør. Var etterpå i mange år kommentator i avisa før han blei pensjonist.

MARTHA LEA, (f. 1934) har førskolelæruddanning frå Danmark og pedagogikk grunnfag frå Universitetet i Oslo. Ho tok mastergrad i migrasjonspedagogikk ved Universitetet i Stavanger etter at ho blei pensjonist. Ho har praksis frå barnehage og var leiar av førskolelæruddanninga ved Stavanger lærarskole/-høgskole frå 1972 til 2001 då ho gjekk over i ei høgskolektorstilling/universitetelektorsstilling. Ho var leiar for høgskolens desentraliserte førskolelæruddanning i Dalane, og var i 2004 redaktør av jubileumboka: *Vekst og utvikling. Læruddanninga i Stavanger 50 år*. Ho har skrive artiklar/rapportar om førskolelæruddanning og migrasjonspedagogiske spørsmål. Var med i nettverk i EU for undervisning av barn med ulik språk og kulturbakgrunn.

SØLVI ONA GJUL, (f. 1951) har vore utdanningsdirektør hos Fylkesmannen i Rogaland sidan hausten 2005, den første perioden som vikar. Ho har læruddanning og arbeidde i grunnskolen i vel tjue år før ho vart tilsett som førstekonsulent ved Statens utdanningskontor i Rogaland i 1995, frå hausten 1997 som assisterande utdanningsdirektør.

GUNNAR ROALKVAM, (f. 1951) har hovedfag i historie og mellomfag i geografi og samfunnskunnskap. Han underviste i disse fagene ved St. Olav videregående skole i 38 år, fram til han ble pensjonist. Roalkvam er også forfatter med mange faglitterære utgivelser innen historie og samfunnsfag. Han har også skrevet flere diktsamlinger, sangtekster og skuespill.

ASBJØRN SIMONSEN, (f. 1939). Pensjonert førsteamanuensis. Variert faglig bakgrunn fra forskning, undervisning og petroleumsfag. Betrakter seg selv som geograf med landskaphistorie og miljø som hovedinteressefelt. Har skrevet en del faglige artikler om ulike tema.

SIGMUND SUNNANÅ, (f. 1932). Læruddanning, magistergrad i pedagogikk. Lærer i folke – og framhaldsskolen, øvingskole og lærarskole. Dagleg leiar i Læruddanningsrådets sekretariat, formann i Læruddanningsrådet, rektor ved Stavanger lærarhøgskole, skoledirektør/utdanningsdirektør i Rogaland. Artiklar og innlegg i aviser og tidsskrifter.

TOR YTRE-ARNE, (f.1952), Er organisasjonssekretær i Utdanningsforbundet i Rogaland og tidligere i Norsk lærerlag. Har lærerutdanning fra Stavanger og Hamar lærerhøgskoler. Var lærer på ungdomstrinnet i Hamar og i Hå kommune. Hovedtillitsvalgt i Hå kommune. Gruppesekretær og organisasjonskonsulent i Rogaland Venstre 88-92. Tidligere fylkestingsrepresentant for Venstre i to perioder og flere folkevalgte verv i Stavanger kommune gjennom flere perioder.

PER ØSTERUD, (f. 1928) er Cand. philol. med historie, norsk og pedagogikk. Har vore lærar ved lærar(høg)skolane i Oslo, Tromsø, Elverum og Hamar. Leiar av Forsøksrådet for skoleverket, rektor ved Sagene lærarskole og ved Bislett høgskolesenter. Var i 1970-åra leiar for Studieplan- og reglementsutvalet for pedagogiske høgskolar. Redaktør av Norsk Pedagogisk Tidsskrift og har gitt ut fleire bøker og skrive artiklar om skole- og utdanningsspørsmål.

NILS OLAV ØSTREM, (f. 1961) er professor i historie ved Universitetet i Stavanger. Han har utdanning

som lektor og dr.art. med hovudfag og doktorgrad i historie. Skulehistorie har han skrive om i historieverka (bygdebøker) for Stord og Karmøy kommunar. Han er utvandringshistorikar og har skrive bøker om nasjonal og lokal utvandring frå Noreg til USA. Han har også skrive om busetnad for husmenn (gards- og ættesoge) i Skjold, Grinde og Skjoldastraumen.

SISSSEL ØSTREM, (f.1944–d.2021). Lærerutdanning, doktorgrad i pedagogikk. Var førsteamanuensis i pedagogikk ved UiS. Har arbeidet i lærerutdanninga siden 1989 og undervist på PPU, i allmenn-/grunnskolelærerutdanning, veilederutdanningene og spesialpedagogikk. Hadde mange års erfaring som lærer i grunnskolen, også som øvingslærer.

Årsmelding

for Skolemuseumslaget i Rogaland 2021.

På grunn av koronasituasjonen blei det ikkje halde årsmøtet for skolemuseumslaget i 2021. I styremøtet 27.05.2021 blei årsmelding og rekneskap for 2020 gjennomgått og godkjent. Styret vedtok at det kunne halde fram også i 2022. Desse er med i styret.

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Dan Dyrli Daatland.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Dan Dyrli Daatland..

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Fleire nye artiklar er lagt ut. Det blei etter kvart mange artiklar i arkivet. Redaksjonsnemnda tok derfor ut 18 artiklar og samla dei i ei digital årbok med tema: Minne frå barndom og skule. På heimesida ligg nå 10 skolehistoriske årbøker. Nemnda har planar om ei tilsvarande årbok for 2022. Statistikken viser at heimesida i 2020 hadde 14495 besøk.

Adressa til heimesida er www.skolehistorie.no.

Skolemuseumslaget hadde i 2019 128 adresser på medlemslista + 38 skolar i Stavanger og 11 i Sola. Dette er 13 færre adresser enn i 2019 (utmeldingar/dødsfall). Laget har fått ein ny medlem. Vi har 46 e-postadresser til medlemmer, av desse er 7 nye. Brev om innbetaling av årskontingenten blei sendt til medlemmene 22. november 2019. Ved årsskiftet hadde 71 medlemmer betalt.

Laget fekk 2019 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000,- til drift av heimesida. Styret har arbeidd med å få e-postadressene til medlemmene.

Fordi ikkje alle medlemmer har e-post, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

SKOLEMUSEUMSLAGET FOR ROGALAND

REGNSKAP FOR 2021

INNTEKTER :

SR – bank 31.12.2020	30.473.80
Kontingent	9.400.00
Bidrag fra Utdanningsforbundet	5.000.00

44.873.80

UTGIFTER :

Web – side; oppdatering og vedlikehold	12.875.00
Porto	951.70
Banktjenester	6.00

13.832.70

BEHOLDNING 31.12.2021

Inntekter	44.873.80
Utgifter	13.832.70

31.041.10

Stavanger 08.02.2022

Marta Gudmestad
kasserer

Er du interessert i skolehistorie?



Bli medlem i Skolemuseumslaget for Rogaland

Skolemuseumslaget for Rogaland har til oppgave
å samle inn skolehistorisk stoff av eldre og nyare dato,
spesielt frå Rogaland. Stoffet blei frå 1984–2017 presentert i
Skolehistorisk Årbok for Rogaland.

Styret er interessert i tips til emne og tema som
kan vere aktuelle for heimesida.

Medlemmer i skolemuseumslaget er enketpersonar
og skolar. Medlemskontingenten er p.t. kr 200,-.

Skolemuseumslaget har adresse:

Skolemuseumslaget for Rogaland
v/Marta Gudmestad,
Lyngvollveien 7, 4017 Stavanger.
Tlf. 51 58 84 05 / 913 50 806
Kontonr.: 3201.13.54792

Leiar av styret, Sigmund Sunnanå,
Øvre Stokkav. 44, 4023 Stavanger.
Tlf. 51 56 03 20 / 971 91 891.

SKOLEMUSEUMSLAGET I ROGALAND
skolehistorie.no